

# **Lokale røyster i 1905**

Unionsoppløysinga i aviser på Nord-Vestlandet

Kari A. Hasle, Jens Johan Hyvik og Harald E. Tafjord (red.)



**HØGSKULEN I VOLDA**

Volda 2005

## **Innhold**

Førord .....	s. 7
Kari A. Hasle, Jens Johan Hyvik og Harald E. Tafjord Introduksjon .....	s. 9
Kari A. Hasle Pressa i 1905 .....	s. 15
Oddmund Løkensgard Hoel 1905 i Sogn .....	s. 27
Gyri Tolaas Fjordenes Blad i 1905. Hendingane, stemmingane .....	s. 55
Oddbjørn Melle Lokal mentalitet omkring nasjonal suverenitet .....	s. 71
Bjarte Alme Etter Ålesund brann. 1905 i Ålesunds-pressa .....	s. 103
Mads Langnes Sæl er kvar den, som fekk vera med ein slik dag. 1905 i Romsdal .....	s. 127
Ove Bjarnar Unionsoppløsing og nasjonsbygging som kvinneprosjekt .....	s. 147
Odin Hals 1905 på Nordmøre .....	s. 165
Brynjulf Gjerdåker Monarki og prins Carl eller ”fristat”? .....	s. 189
Kjelder og notar .....	s. 198
Forfattaromtale .....	s. 214
Støttespelarar .....	s. 216

# Førord

I samband med denne utgjevinga er det fleire som må takkast. Framfor alt gjeld det dei tilsette ved Historisk institutt ved Høgskulen i Volda, som heile vegen har støtta opp om prosjektet: Atle Døssland, Brynjulf Gjerdåker, Arnljot Løseth, Arnfinn Kjelland og Morten Løtveit. Takk også til forskingsleiinga ved Høgskulen i Volda: Reidun Høydal og Bente Gunn Lien, som har lagt til rette for denne utgjevinga, og Høgskulen i Volda som har støtta prosjektet økonomisk.

I arbeidet har vi også hatt andre gode samarbeidpartnerar. Det er gjeld HIFO-Nordvestlandet og det svensk-norske historieprosjektet *Prosjekt 1905. Svensk-norske relasjoner i 200 år*. Dessutan har vi hatt ei rekke støttespelarar som er nemd i ei eiga oversikt bak i boka. Takk til alle.

Vi vil også rette ein stor takk til Grete Marry Brøste som har vore redaksjonssekretær og til Olav Myklebust som gjorde språkvasken til slutt. Heilt til slutt vil vi takke bidragsytarane som tok utfordringa. Utan dykk - inga bok.

Volda april 2005

Kari A. Hasle, Jens Johan Hyvik, Harald E. Tafjord

# Oddmund Løkensgard Hoel

## 1905 i Sogn

Norsk nasjonalisme og nasjonsbygging har hovudsakleg vorte studert ovanfrå, som noko som blir påført regionar og lokalsamfunn. Lokalsamfunna er gjerne gjort til noko stilleståande, «et jordsmønn der de nye tanker blir sådd», som Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu skriv.<sup>1</sup> Hendingane i 1905 har ikkje vore noko unntak. Det er Christian Michelsen og dei store menn som har stått i sentrum og dei store rikspolitiske spørsmåla som har dominert medan folk flest har hatt ei underordna rolle i den store nasjonale forteljinga.

Ei gransking av korleis 1905 arta seg i Sogn, gjev oss eit høve til å sjå saka frå ein annan vinkel - nedanfrå og utover. Avisene som kom ut i Sogn i 1905, *Sogns Tidende* og *Sogningen*, er to takksame kjelder til dette bruket, motpolær som dei var både politisk, språkleg, kulturelt og regionalt. Den republikanske venstreavisa *Sogns Tidende* kom ut i Sogndal i Indre Sogn og var landets første bygdeblad på nynorsk. Høgreavisa *Sogningen* kom ut i Vik i Ytre Sogn og agiterte for riksmaål og kongedøme. Men sjølv om dei to avisene fangar opp eit breitt politisk spekter og er dei beste kjeldene våre til folkemeininga i Sogn i 1905, må to kjeldekritiske poeng òg strekast under. For det fyrste sette dei to meiningssterke redaktørane kraftig preg på avisene sine, og for sogningar flest var terskelen for å skriva i avisene høgare den gongen enn i dag.



(Avfotografering: De Heibergske samlinger, Sogn folkemuseum)

For det andre har eg måttå velja bort viktig kjeldetilfang som kunne supplert og ny-ansert biletet. Det gjeld både brev, anna arkivtilfang og minne om 1905 som dels er nedskrivne og dels har levd på folkemunne heilt fram til i dag. I arbeidet med denne artikkelen har eg knapt kunna nemna 1905 for lokalhistorisk interesserte folk, utan at det har kome fram soger eller kjeldeopplysningar som ikkje minst får fram djupna i det store folkelege engasjementet. Så her er det framleis ei ugypt granskings oppgåve.

1905 toppa seg i ei krise der ein var nærmere militære kamphandlingar på norsk jord enn nokon annan gong mellom 1814 og i dag, berre med den andre Verdskrigen som unntak. Eit sentralt spørsmål i denne artikkelen er korleis samhaldet som følgde med denne nasjonale krisesituasjonen vart skapt i samspelet og spenninga mellom styresmaktene og ein folkeleg opinion. Var sogningane i fyrste rekke statistar i eit stort og stramt regissert nasjonalt skodespel, eller var dei handlende og fortolkande aktørar i lokalsamfunna, i noko som kan kallast ein lokal politisk prosess kring dei store spørsmåla? 100 år etter kan me òg ha godt av å sjå med kritiske briller på den politiske mobiliseringsprosessen og på ein retorikk som kan kjennast framand, utan at ein dermed treng meina at unionen ikkje burde vore oppløyst. Det kan vera greitt å hugsa, som forsvarshistorikaren Roald Berg har peika på, at før 1914 var det like utenkjøleg i Noreg som i andre land at folket ikkje skulle stilla seg bak leiarane sine i slike krisesituasjonar.<sup>2</sup>

Ein særleg grunn til at det kan vera interessant å sjå på Sogn i 1905, er at regionen gjerne har vorte framstilt som kjerneområde i ein større «folkehøgskuleregion» eller eit «fjell- og fjord-Noreg». Dette er eit område der radikalisme, norskdom og skyttarlagsrørla stod sterkt, til skilnad frå den pietistiske og konservative kyststripa i Sør-Noreg og det klassedelte sentrale Austlandet.<sup>3</sup> Slik kunne me kanskje venta å finna solid støtte i Sogn til dei radikale Venstre-kretene i 1905 - dei som tidleg ville gjera kort prosess med unionen – gjekk imot Karlstad-forliket og mannjamt var republikanarar? Me skal sjå om dette stemmer, og korleis dei to avisene plasserte seg innanfor dei politiske rørslene dei sokna til. Her skal me òg dra inn målreisinga, som var i full gang i Sogn i 1905.

Sogn er eit gammalt, geografisk område som strekkjer seg frå dei ytste øyane på kysten og inn til Langfjella. Grensa mellom Indre og Ytre Sogn går mellom Balestrand og Høyanger (i 1905 Kyrkjebø) på nordsida og Vik og Aurland på sørsida. Den administrative grensa mellom Indre og Ytre har variert noko opp gjennom tidene og blir her i fyrste rekke brukt for å plassera kommunar og stader geografisk. Sosio-kulturelt og politisk er det vel så relevant å skilja mellom dei tre kystkommunane Hyllestad, Solund og Gulen på eine sida, og fjordkommunane i Indre og Ytre Sogn på hi.<sup>4</sup>

## Avisene, redaktørane og miljøa deira<sup>5</sup>

Den store utanrikssaka som dominerte mediebiletet i Sogn i 1905, var som andre stader den russisk-japanske krigen. Det einaste temanummeret som vart planlagt i unionsoppløysingsåret, var om denne krigen - det galdt jamvel både avisene.<sup>6</sup> Av dei lokale sakene som var mest framme, var bygging av jarnbane frå Bergensbana til Sogn i samband med at Gravhalstunnelen opna i 1905, og diskusjonen om helsestellet og etablering av eit sjukehus i Lærdal. Dessutan var det jamleg stoff om

målreisinga. Loen-ulukka 17. januar, som kravde 61 menneskeliv, fekk omfattande dekning trass i at ho skjedde utanfor nedslagsfeltet til sogaavisene. Ulukka er ein god illustrasjon på at telegrafen og dagsavisene sist på 1800-talet skapte ei felles notid som gjorde opplevingane av store ulukker langt sterkare.<sup>7</sup> Overført på politikken vart det demonstrert til fulle gjennom dei to sogaavisene i 1905. Dekkinga av dei store nasjonale politiske hendingane var massiv, engasjert og dagsaktuell gjennom heile året.

*Sogns Tidende* vart etablert i Lærdal i 1877 av seinare statsminister Otto Albert Blehr, som tre år før hadde skipa *Fjordenes Blad* i Nordfjord. I Sogndal hadde folkehøgskulelæraren Jens Kvåle teke til å gje ut vekebladet *Ungdom* på landsmål i 1896, som han døypte om til *Sygna - Vestlandsk folkeblad* i oktober 1901.<sup>8</sup> I april 1903 kjøpte han *Sogns Tidende* og slo det saman med *Sygna*, som no vart undertittel. Frå 1905 vart avisra prenta i Sogndal, og ho kom i alle år ut med to firesiders utgåver i veka.<sup>9</sup> Kvåle var redaktør heilt til 1940 og vart ein av dei legendariske redaktørane i Sogn og Fjordane og i den nynorske pressa. *Sygna* var i 1901 det fyrste bygdebladet på landsmål,<sup>10</sup> og då Kvåle overtok *Sogns Tidende*, gjorde han det òg til målblad.

Politisk sokna *Sogns Tidende* til Venstre, og etter at avisra kom til Sogndal, kan ho sjåast som eit talerøy for det sterke norskdomsmiljøet i bygda. Her hadde teologen Jakob Sverdrup skipa ein folkehøgskule alt i 1871. Opphavleg var skulen pietistisk og anti-grundtvigiansk, men fram mot hundreårsskiftet nærma skulen seg meir og meir den grundtvigianske hovudstraumen i folkehøgskulerørsla. Både Sverdrup og etterfølgjarane Henrik Mohn Dahl og Olav Hauge var målfolk, og skulen vart tidleg eit av dei viktige regionale sentra i målrørsla. Fleire av folkedaningsinstitusjonane i Sogn sprang ut or folkehøgskulemiljøet i Sogndal, som Sogn Ungdomslag (1896) og *Sogns Lærarlag*, og i *Sogns Tidende* hadde dei eit trufast organ. Medan mange grundtvigianske folkehøgskular i byrjinga vart oppfatta som rabulistiske, vart

Sogndal folkehøgskule med den pietistiske profilen sin raskt ein del av etablissementet i Sogndal. Me finn jamt styrarane og lærarane i dei sentrale lokalpolitiske verva. Samstundes var Sogndal ei politisk og kulturelt kløyvd bygd, og i 1891 freista godseigar Knagenhjelm å få amtsformannskapet til å stryka den årvisse løvvinga til folkehøgskulen, fordi skulen var ein «meget uheldig skole. Eleverne oplærer til politiske Kandestøberier, holder møder og politicerer når de kommer ud af skolen».<sup>11</sup>

Ein av desse kannestøyparane var bondesonen og sogndølen Jens Kvåle (f. 1863). Han følgde den klassiske utdanningsvegen for dei som vart leiarar i norskdomsrørsla: Elev ved folkehøgskulen i heimbygda to vintrar i 18-19-årsalderen, deretter ved Stord lærarskule og Askov Folkehøjskole i Danmark, sjølve høgborga i den skandinaviske



Jens Kvåle, ukjent år. Han var 33 år då han tok til med det fyrste bladet sitt *Ungdom* i 1896. (Eigar: Aasta Kvaale, fotograf: N.O. Reppen)

folkehøgskulerørsla. I Sogndal var han folkehøgskulelærar i to omgangar, 1887-92 og 1897-1912, han sat 20 år i heradsstyret, 30 år i skulestyret og var stortingsrepresentant 1931-33.<sup>12</sup>

Det fyrste nummeret av *Sogns Tidende* som kom etter at Kvåle overtok, brukar den sentrale plassen på fyrstesida på unionsspørsmålet. Tingingane med Sverige om konsulatsaka vinteren 1903 var nettopp avslutta, og Kvåle slår fast at «me altid som heile vinstre hev meint, at det høver lite for eit folk aa tinga um det som er folket sin fulle og sikre rett; ein rett som alle i landet er samde um, med undantak av 'Aftenposten' og Morgensterne.»<sup>13</sup>

Vekeavisa *Sogningen* kom ut i Vik frå april 1897. Grunnleggjaren og redaktør gjennom 15 år var Rasmus Thorsen, ein slags omreisande i skiping av Høgre-aviser. Høgreorganisasjonen i Bergen hadde i 1896 gjeve han i oppdrag å skipa avis *Nordfjord* på Sandane i Gloppen. Når det var gjort, bad Høgre han reisa til Vik der han etablerte *Sogningen*. Han var frå Stavanger der han byrja i prenteverket til *Stavanger Amtstidende* som 14-åring i 1877. Attåt typografarbeidet vart han etter kvart mykje nytta som journalist for avisar, der han var i 19 år, og i *Sogningen* var han både redaktør og typograf.<sup>14</sup>

*Sogningen* appellerte sterkt til bondekonservatismen. Undertittelen var «Organ for Bondens politiske og økonomiske Interesser», og programartikkelen i fyrste nummer let det ikkje vera nokon tvil om kva avis Sogn no hadde fått: «‘Sogningen’ er et Organ for Sogns moderate og konservative Partier. Den vil tale Landmannens Interesser, de politiske som de økonomiske.»<sup>15</sup> Artikkelen var ei krigsfråsegn mot Venstre, særleg unionspolitikken:

Det radikale Venstres utvetydige Higen mod Unionens Opløsning, deres utvetydige Arbeide for at løse ogsaa Unionens saavelsom Kongedømmet i Nordmændes Sind, dette Arbeides Farligheid og Ubetimelighet, det skal det være vor Opgave at eftervise.

Det var neppe tilfeldig at dei konservative valde Vik for avisestableringa. Her stod dei konservative sterkt, mellom anna fordi bygda var eksersisplass for Sogn korps. Korpset femnde om heile Sogn, Sunnfjord og delar av ytre Nordfjord og var dermed ei av dei viktigaste garnisonsbygdene på Vestlandet.<sup>16</sup> Vik hadde såleis eit sterkt offisersmiljø som gjorde seg gjeldande i lokalsamfunnet.

Det kom ikkje minst til uttrykk i målstriden, som var uvanleg sterk i Vik. Avisa gav romsleg spalteplass til riksmålssynspunkt, og redaktør Thorsen var sjølv ein av underskrivarane på eit opprop mot skipinga av eit mållag i Vik i mars 1902. Vik Ungdomslag (skipa 1898) hadde den fyrste tida støtte frå både sider i målstriden, og Thorsen hadde fleire verv i laget. Men ungdomslaget tok i aukande grad til å arbeida



Rasmus Thorsen. Biletet kan vera teke kring hundreårsskifte. Han var jamgamal med Jens Kvåle og fylte 42 i 1905. Frå *Sogningen* 2.12.1927. (Fotograf: ukjend)

for målsaka, og i 1908 same året som skulestyret vedtok å innføra landsmål som opplæringsmål i Vik braut riksmålsfraksjonen ut og skipa ei riksmålsforeining og Vigs Rigsmaalsforenings Ungdomslag. Thorsen var med på dette og hevda året etter i *Sogningen* at riksmålsforeininga hadde over 900 medlemer, noko som iallfall understrekar temperaturen i kulturstriden i bygda. Thorsen var likevel ikkje meir avvisande til landsmålet enn at ein alt frå dei fyrtre nummera jamleg finn innsende stykke på landsmål i avisene. Han hadde vel heller ikkje så mykje val i ein region der landsmålet vart om lag einerådande i skule, kyrkje og offentleg administrasjon i redaktørtida hans.<sup>17</sup>

Dei to avisene var konkurrentar, og båe hadde ambisjonar om å dekkja heile Sogn, noko dei òg til ein viss grad gjorde, sjølv om den regionale plasseringa deira òg sette tydeleg merke på profilen. Dei var jamt i tottane på kvarandre og brukte ein god del spalteplass på å krangla seg imellom. Dei hadde båe ei svakare dekning av kystkommunane enn resten av regionen i og med at dei heldt til langt inne i fjorden. Truverdige opplagstal er ikkje lette å få tak i frå denne tida, men *Sogningen* gav i august 1905 sjølv opp å ha ca. 1650 tingarar.<sup>18</sup> Noko tal har eg ikkje funne for *Sogns Tidende*, men avisene hevda jamleg at ho var den største av dei seks avisene i Nordre Bergenhus amt og vart lese i «kvar krok og kvar kraa i Sogn».<sup>19</sup> Me treng nok iallfall ikkje tvila på at *Sogns Tidende* var monaleg større enn *Sogningen* - avisene var både 20 år eldre og hadde nyleg fusjonert med populære *Sygna*.

## Posisjonane vert forma i konsulatsaka

Kva standpunkt tok dei to avisene då konsulatsaka kom opp for fullt ved årsskiftet 1904/05? Dei hadde mange å velja mellom. Situasjonen var uklår og flytande, i rak motsetnad til den politiske stoda kring 7. juni-vedtaket og folkerøystinga i august. Det unionsaktivistiske målbladet *Den 17de Mai* var sist i januar til dømes imot folkerøysting om unionsspørsmålet fordi avisene var usikker på om unionsmotstandarane ville vinna.<sup>20</sup> Tilkvessinga i forhandlingane om konsulatsaka var skapt seinhausten 1904 av krava til den svenske regjeringa om at eit eige norsk konsulatvesen skulle vera underlagt svensk utanriksstyre, dei såkalla «lydrikepunktta».<sup>21</sup> Det formelle forhandlingsbrotet kom 7. februar, og forhandlingslinia til Francis Hagerup si samlingsregjering av Høgre og Moderate Venstre hadde gått på eit endeleg nederlag.

Då var dragkampen om den vidare strategien alt i gang, og det fanst tre alternativ for å驱va konsulatsaka vidare - den «lange» og den «korte» lovlina, og «vedtaks-lina». Dei leiande høgrekrinsane stod for den lange lovlina. Når Stortinget vedtok ei lov om norsk konsulatvesen, skulle ein finna seg i to kongelege sanksjonsnekingar og venta til lova tok til å gjelda etter tredje vedtak, slik grunnlova føreskreiv.

På den andre ytterkanten stod dei mest aktivistiske krinsane i Venstre for vedtaks-lina eller «budsjettlinia», som gjekk ut på at Stortinget skulle skipa eit norsk konsulatvesen utan å gjera eit lovvedtak som var avhengig av kongeleg sanksjon. Dei fremste talsmennene for denne lina var Wollert Konow (Hedm.) og Johan Castberg. Dette hadde vore Venstre si line under unionskrisa i 1892-93, men ho var konstitusjonelt svært tvilsam. *Den 17de Mai* hadde to veker tidlegare slege fast at lovvegen ikkje dugde, for «daa fær me leiken uppatt fraa 95 og 1903».<sup>22</sup>

For dei som ville ta oppgjeret med Sverige raskt, men likevel gå lovvegen, var den korte lovlina alternativet. I *Sogns Tidende* kom årets fyrste artikkelen om konsulat-

saka av bladstyrar Jens Kvåle sjølv på prent sist i januar, og han presenterte og forsvarte den korte lovlina pedagogisk for lesaren:

Alle parti i Stortinget kan verta samde um, at dei ikkje vil staa som regjering dersom kongen ikkje sanksjonerar konsulatloven straks; samde um at ingen norsk regjering vil ‘kontrasignere’, unskriva[!] med kongen, og taka ansvaret for ei sanksjonsnægting i denne sak. Daa lyt kongen og svenskarne bøygja seg. Utan regjering vert det lovløysa i landet, og daa maa stortinget taka heile landsstyret i si hand.<sup>23</sup>

Dette gjekk altså ut på å ta oppgjaret på fyrste sanksjonsnekting. Kvåle tagde i hel vedtakslina, som både den radikale og aktivistiske fløya i hans eige parti og dominerande krefter i norske domsrørsla gjekk inn for. Her skulle nok kløyving i eigne rekkjer døyvast. No galdt det å få Høgre og andre skeptikarar med på aksjon, og polemikken retta han såleis mot den lange lovlina: «paa dei 6-7 aar kann partii koma til aa kløyva seg etter, og Sverik kann faa høve til aa arbeidt Europa upp imot oss, liksom det ogso kann faa tid til aa kosta paa si hermagt og slipa sine vaapen - og so skräma nordmennene tilslutt, som dei gjorde i 90 aari.» Samstundes la han stor vekt på at den korte lovlina òg er ein lovveg, og at dette var ei line «ein hev grunn aa tru at baade høgre og vinstre» ville stilla seg bak. Oppløysing av unionen vart ikkje nemnt med eit ord.

Kvåle formulerte her kompromisstrategien som Stortinget samla seg om utover vinteren. Gradvis miste den lange lovlina støtte på høgresida, og dei mest aktivistiske venstrefolka bøygde òg av og stilte seg bak det som vart Stortinget og regjeringa Michelsen si line. Det er grunn til å understreka at Kvåle formulerte denne strategien svært klårt, på eit tidleg tidspunkt då mykje framleis flaut. Med dette var hovudlina til *Sogns Tidende* i unionsspørsmålet fastslegen: Eit tydeleg standpunkt for aksjon i konsulatsaka, men på ei moderat line som distanserte seg frå dei mest aktivistiske delane av venstre- og norske domsrørsla.

Kva med *Sogningen*? Dei konservative var tradisjonelt unionsvenlege og kom i ein vanskeleg situasjon då den stadig mindre populære forhandlingslina til Hagerup-regjeringa gjekk mot havari. Redaktør Rasmus Thorsen var då heller ikkje sterkt i meiningsane dei fyrste vekene i 1905. Det viktige var at partia vart samde, og når dei hadde vorte det, var det folket si oppgåve å stilla seg bak leiarane sine.<sup>24</sup> Standpunktet til den vidare strategien etter forhandlingsbrotet i februar må difor i fyrste rekkje lesast ut or kva avisar *Sogningen* valde å sitera frå. Men her var òg tendensen klår - det var «Høires ledende Organ *Morgenbladet*». Midt i februar fekk *Sogningen*-lesarane vita at redaktør Ragnar Vogt i *Morgenbladet* no ikkje såg nokon annan utveg enn unionsoppløysing, og det er det òg rimeleg å tolka som *Sogningen* sitt standpunkt.<sup>25</sup>

*Sogningen* valde på denne tida konsekvent å *ikkje* sitera den Hagerup-venlege *Aftenposten*, som heilt fram til midten av april stod på forhandlingslina og gjekk imot einsidig norsk aksjon og oppløysing av unionen.<sup>27</sup> Det var ein posisjon *Aftenposten* var åleine om av dei store avisene. Denne kløyvinga gjekk tvers gjennom samlingsregjeringa og stortingsgruppa til Høgre, og det var midt i februar dei tonegjevande yngre aksjonsorienterte Høgre-folka med støtte frå *Morgenbladet* vende tommelen ned for forhandlingslina til statsminister Hagerup.<sup>28</sup> Eit sentralt motiv for Høgre både for å programfesta konsulatsaka i 1903, forlata forhandlingslina og gå til aksjon vinteren 1905, var å få ut or verda Venstres store vinnarsak og den saka som gjorde

eit breitt borgarleg samarbeid mot sosialistane umogleg. Særleg var vestlendingane i stortingsgruppa til Høgre redde for at dei «feies væk» i 1906-valet om ein ikkje føretok seg noko.<sup>29</sup> Det ser såleis ut til at *Sogningen* føyer seg inn i eit større biletet der Vestlands-Høgre utgjorde eit aksjonistisk element i partiet.

Lesarane av dei to avisene kunne følgja den flytande situasjonen i det politiske miljøet i hovudstaden utover vinteren 1905 gjennom sitat frå Kristiania-avisene, meldingar og ikkje minst Kristiania-brev. Eit slikt brev frå signaturen J.W.F. i *Sogningen* 1. mars er eit godt døme på uvissa som no rådde på høgresida. Han drøfta dei ulike alternativa i konsulatsaka og såg problem med alle. «Den greieste linje og det mest mandige svar paa den svenske regjerings optræden» var å gå til aksjon, langs den lange eller den korte lovlina. Den lange såg han problem med, men han hadde òg sterke motførrestellingar mot den korte. Dersom regjeringa gjekk av etter at kongen hadde nekta sanksjon og Stortinget sett inn ei regjering, «er vi med en gang paa revolutionens rand».<sup>30</sup> Så mobiliserer kanskje svenskane, og den norske hæren må mobiliserast, og skal han stå mobilisert i 3-4 månader, kostar det kring 40 mill kr. «For denne akute og risikable optræden agteres der sterkt inden det radikale venstre.» Men når det kjem til stykket «er vi nu æresforpligtet og nødt til paa egen haand at oprette norsk konsulatvæsen. Mange som tidligere har været imod denne risikable fremgangsmaade, gaan under de nuværende omstændigheder med.» Korrespondenten gjev her ei råkande skildring av korleis haldningane var i rørsle i desse vekene.

No skulle det gå slag i slag. Den lettare forvirra artikkelen til J.W.F. hadde stått på prent same dagen som den kløyvde Hagerup-regjeringa søkte avskil. Den 6. mars kom det avgjerande vendepunktet då eit kompromiss på grunnlag av den korte lovlina fekk tilslutning av alle parti - også Høgre - på eit privat møte med alle stortingsrepresentantane.<sup>31</sup> Det bana veg for samlingsregjeringa til Christian Michelsen (12. mars), og kompromisset vart meisla ut i praktisk politikk av spesialkomiteen som Stortinget hadde sett ned 18. februar.

Regjeringa med Michelsen og Jørgen Løvland som dei to sentrale strategane, hadde gjennomføring av konsulatsaka som einaste sak, og regjeringsdanninga og den avklåra lina i Stortinget vart applaudert av både sognaavisene. Fasen med tvil og tru var no over for *Sogningen*, og avisar gjorde det klårt at «hva Komiteens Flertal - et overveldende Flertal - her har samlet sig om [den korte lovlina], bør Stortinget loyalt give sin Tilslutning.»<sup>32</sup>

Me ser såleis at både avisene i unionsspørsmålet lyt reknast til dei moderate kreftene innan kvar sin politiske leir. Så kom dei då òg til å stå saman utan dei vanlege hogga etter einannan til etter folkerøystinga i august. Utover våren omtalte *Sogns Tidende* jamt den breie politiske semja med ein sarkastisk undertone som stilte spørsmålsteikn ved kor lenge det ville halda:

Samlingsbladi [dei regjeringsvenlege avisene] fører ein greid norsk tale no um dagen. Det er mest som du kann røddast at ordi er altfor sterke. Dei minner um desse potteblomurne som skyt upp i vaare vindauge av utanlandske fræ i alnehøgd paa nokre faae dagar høgsumar. Dei er ikkje lite brikjande og fagre med det stend paa; men naar haustsoli mister sitt varme skin, so legg dei der visne med heile sin herlegdom.<sup>33</sup>

Det er likevel semja mellom dei to avisrivalane som slår oss, og det skulle bli endå meir synleg dei neste månadene.

## Då unionsoppløysinga kom til Sogn

Stortinget sitt sjølvstendekupp om føremiddagen 7. juni er ein framifrå illustrasjon på spreiingsmåte og tempo i nyhendeformidlinga i 1905. Kor raskt fekk sogningane vita om hendinga? Den første sjansen *Sogningen* og *Sogns Tidende* hadde til å formidla hendinga i ordinære utgåver, var fredag 9. juni. Dei visste at noko viktig kunne koma til å henda 7. juni, men produksjonsmåten var lite fleksibel, så meldingar som kom inn tett før prentinga måtte leggjast til langt bak i avisas utan at det var tid til å ta ut eldre og uaktuelle meldingar. Slik kan notis- og telegramstoffet lesast som sedimentære avleiringar nedover i spaltene.

*Sogns Tidende* melder 9. juni at det var kjent at Stortinget skulle samlast tysdag 6. juni, men «ingi melding kom denne dagen fraa stortinget, og daa me klokka 5 tala med Bergen, visste dei der ingenting.» Så hadde avisas frettat at Stortinget sat samla klokka 6 om ettermiddagen til klokka 2 på natta, og at fleire av særkomiteane jamvel arbeidde langt utover morgenkvisten. Klokka 10 onsdag 7. juni samlast Stortinget att og ordna raskt med den historiske avgjerda.

Klokka 11 kom so meldingarne først i mange umvegjer som usikre «rygte», men endeleg utsyver middagen kunde ein som samla innhald slaa fast dette som nokorlunde sikkert: Unionen er løyst og kongen er avsett. Den gamle regjering er innsett som ny; Løvland er utnemnd til utanriksminister. Dette er vedteke einrøyistes. Mot 5 røyster (socialister) er vedteke aa faa ein ung prins av Bernadotte til konge i Noreg. Kongen protesterer mot det heile.

*Sogningen* prenta dei innkomne telegramma uredigerte. Klokka 12.15 kom det ei melding frå Kristiania med same innhald som den *Sogns Tidende* siterte, og *Sogningen* kan dessutan slå til med den presise formuleringa i stortingsvedtaket kl. 10.32, innkome som telegram frå Bergen kl. 12.25. Både avisene kan kort melda om dei første reaksjonane i internasjonal presse, innkomne som telegram torsdag 8. juni. Her får sogningane vita at den svenske pressa er etter måten roleg, ein framståande mann i London har uttalt at ingen revolusjon har vore gjennomført så «gentlemansmæssig» som denne, og at den tyske og engelske pressa er positiv.

Me må tru at meldinga om ei så viktig hending nådde ut til dei fleste bygder alt same dagen. Frå Bergen vart det meldt at utanfor *Bergens Tidende* «stend oftast ein uhørveleg stor mengde og les telegram.»<sup>34</sup> Ein vikje har fortalt at han kom til Vik med båten om ettermiddagen 7. juni og såg alle flagga. Ingen i båten visste kvifor, men alt før dei la til kai, vart nyhendet ropt ut til dei. Guten vart hoppande glad, men då han kom heim til mor si, sa ho alvorsamt at «det vert vel krig no». <sup>35</sup> I Sogn var personleg kontakt med avisredaksjonar berre mogleg på Viksøyri og i Sogndalsfjøra.

Men særleg frå 1896-97 var det kome fart i utbygginga av rikstelefondnettet i Sogn, ikkje minst sidan lina Bergen-Trondheim vart trekt gjennom regionen. Før det hadde turist- og hotellnæringa gått i brodden for ei privat utbygging av lokale telefonnett som staten seinare tok over, og Harald Jarl Runde meiner det i 1892-93 må ha rasa reine «telefonfeberen» i Midtre og Indre Sogn.<sup>36</sup> Den 7. juni 1905 var det ei rekke private og offentlege telegraf- og telefonstasjonar i Sogn: Gulen (5), Hyllestad (1), Vik (1), Balestrand (4), Leikanger (2), Aurland (4), Sogndal (3), Luster (4), Hafslø (3), Lærdal/Borgund (6) og Årdal (6). Einast kommunane Solund, Brekke, Lavik,

Kyrkjebø og Jostedalen mangla telesamband.<sup>37</sup> Berre nokre få næringsdrivande, hotell og aviser hadde telefon på denne tida, men den folkelege interessa for unionspolitikken fram mot klimakset 7. juni var så stor at me må tru at telenettet vart brukt til å spreia nyhendet. Og var det først nådd ut til nokre få gjennom telegram og telefonar, gjorde vel ryktebørlsen sitt etterpå. Dette blir berre gissing, men det vil vera rart om ikkje 7. juni-vedtaket nådde mange sogningar, ja kanskje dei fleste, alt same dagen.

Når hadde lesarane avisene som kom ut fredag 9. juni? Dei fyrste (iallfall i Sogndal og Vik, men sikkert også mange andre sentrale bygder) hadde ho truleg alt 9. juni. Men ho kom neppe ut til alle før etter helga. Det har me eit klårt teikn på frå august, då *Sogns Tidende* framskunda avis som skulle koma ut før folkerøyatingsdagen sundag 12. august frå fredag til onsdag for å vera sikker på at avisar nådde ut til alle bygdelag før røytinga. Og var det folk som ikkje hadde fått med seg 7. juni-vedtaket før, fekk vel resten det då dei kom til kyrkja sundag 11. juni der presten las opp kunnigjeringa til det norske folk som Stortinget hadde vedteke 7. juni.

Var det skrive mykje om konsulatsaka og unionsspørsmålet tidlegare, så var dekninga dei neste vekene - og månadene - massiv i dei to avisene våre. Det me her skal hefta oss ved, er i fyrste omgang dei lokale reaksjonane den nærmaste tida etter 7. juni. I byrjinga var det folkestemminga i Kristiania og særleg i Bergen som fekk mest plass. Generelt melder *Sogns Tidende* om høgtidsstemming i kyrkjene på pinsedagen. Opplesinga av proklamasjonen frå Stortinget var «av dei største stunder mange hev havt i sitt liv».<sup>38</sup> Avisa gjer dessutan eit nummer av at i staden for unionsvenlege opprop til kristendomens vener stod kyrkja no bak «det største nasjonale reisningsverk som vaart folk hev vaaga sidan 1814.» Andre pinsedagen vart det halde eit folkemøte i Sogndal som var lite førebudd, men det møtte likevel 6-700 menneske. Dei gjekk i tog bak skyttarfana, skulefana og flagg, og lensmann Lem, folkehøgskulelærar Vilhelm Flugeim og Ola Uglum tala. Før og etter vart vers av «Gud signe vårt dyre fedreland» sunge.

Avisene gjev òg eit bod om kor viktig organisasjonane, stemna og folketalane var på denne tida, og juni var høgsesong for store stemne og møte. I Gloppen møttest 4000 menn og kvinner på krinssamling for Bergens Stift i Det norske Missions-selskap. Dei sende eit takketebrogram til Regjeringa og Stortinget «for den Kraft og Sindighed, hvormed de har hævdet vort Folks Frihed og Selvstændighed».<sup>39</sup> Den fri-lynde ungdomsrørsla hadde stemnet sitt i Vik midt i juni, og dei kring 3500 fram-møtte der sende helsing til statsmaktene for «trufast vardevakt um Noreg».<sup>40</sup> Dei hadde hørt amtmann John Utheim tala om «vor selvstændighedskamp», og ikkje minst stortingsmann Anfinn Refsdal frå Vik som kunne fortelja om opplevinga det var å vera med på 7. juni-vedtaket.<sup>41</sup>

Alt i alt talar ein sikkert om fleire tilhøyrarar berre på desse to møta til saman enn alle avisene i Nordre Bergenhus Amt hadde i samla opplag, og i tillegg kjem over-tydinga og ‘vekkinga’ som ligg i den kollektive opplevinga gjennom slike møte. Såleis skal ein ikkje undervurdera kva slike stemne og møte hadde å seia for å styrkja folk i trua på at unionsoppløysinga var rett i desse månadene i 1905. Statsmaktene brukte sjølv den kollektive arenaen (kyrkja) aktivt for å skapa oppslutnad, ikkje minst i samband med folkerøyistinga i august.

## **Valstyreformann Øen:**

### **«Lad der ikke komme noget Nei i Urnen»**

Innstillinga om *lov om norsk konsulatvesen* frå spesialkomiteen i Stortinget kom lagleg éi veke før 17. mai. I tida fram mot 7. juni og særleg i dei neste månadene, var det avgjerande for Noreg å visa einskap og styrke andsynt Sverige og stormaktene. No vart det innleidd ei stor nasjonal mobilisering som tok sikte på å utrydda alle teikn til avvik frå regjeringa og Stortinget si line i unionssaka. Me skal seinare koma tilbake til spørsmålet om mobiliseringa skjedde *ovanfrå* eller *nedanfrå*, og her konsentrera oss om korleis mobiliseringsprosessen arta seg i Sogn.

Fyrste milepål var 17. mai-feiringa. Dagane etter var dei to avisene fulle av rapportar om massiv deltaking. «Den 17de Mai hev i aar so langt me fretter, vore ein høgtidsdag som hev samla fleire folk um sine dyre og nasjonale minne enn kanskje nokon gong fyrr», skreiv *Sogns Tidende*.<sup>42</sup> «Telegrammerne til Storthinget den 17de Mai er saa mange, at de fylder hele Bordet for udlagte Sager og hele Opslagsvæggen. De er fra alle Landets Kanter, og de fører et mandigt Sprog», melde *Sogningen*.<sup>43</sup> Men godt nok var det ikkje. *Sogns Tidende* fann grunn til å gje folket på Frønningen refs: «Paa Frønningen var det iaar svært faae som «hadde tid» aa vera med og halda fest 17de mai. Det er svært kor seint det kann ganga upp for folk, kor mykje denne dagen hev aa segja for oss.»<sup>44</sup>

Etter 7. juni vart det endå mindre rom for å vera slapp med flaggviftinga. Stortinget var i proklamasjonen sin til folket, opplesen i kyrkjene: «I sikker forvisning om, at det norske folk vil forene sig med storting og regjering om hævdelsen af rigets fulde selvstændighed». Det vart oppmoda om at ikkje berre offiserar og embetsmenn, men «enhver af rigets indvaanere i et og alt retter sig efter regjeringens anordninger og forskrifter».<sup>45</sup> Den fremste reiskapen for å få folket til å marsjera i takt var pressa, og både redaktørane i Sogn stilte seg - friviljug og entusiastisk - til disposisjon. *Sogningen* siterer ein rektor Gundersen frå Bodø, av alle stader, som klagar i Nordlandsposten over därleg flagging 7. og 9. juni. «Det er selvfølgelig kun Tankeløshed i Forbindelse med Slaphed, der ogsaa er kommet tilsyn Andre Steder end i Bodø», skriv redaktør Thorsen, som òg har ein heil del å utsetja på vikjene: I Vik var det berre to, utanom *Sogningen*, som heiste flagget då telegramma om stortingsavgjerdene 7. juni kom inn, hevdar Thorsen. «Alle de andre 12 Flagstænger, deriblant Kommunens og Ungdomslagets, stod nøgne.»<sup>46</sup> Andre rapportar tyder rett nok på at flagga kom til topps etter kvart som nyhendet vart kjent,<sup>47</sup> men poenget her er at Thorsen nytta alt som nyttast kunne til å stramma opp den nasjonale haldninga til lesarane.

Understrekinga av kor viktig det var å stå samla, vart utover sumaren akkompagnert av trugande meldingar om svenske krigsførebuingar og storsvensk sjåvinisme, og av optimistiske meldingar frå utanlandsk presse om at sympatién låg på Noreg si side. Ny fart i samlingspropagandaen vart det då avgjerd at folkerøysting var teken. Avisutgåvene fram til folkerøystingsdagen 13. august var reine kampanjeavisar for at folk skulle møta fram og røysta 'ja', og avisene har knapt anna stoff. No nådde òg den nasjonalistiske retorikken eit høgdepunkt. «7de Juni-Beslutningen er absolut urokkelig. Den er hellig og kan kun utslettes med det norske Folks Blod. Ethvert Angreb paa den vil bli behandlet derefter. Den vil, om det gjelder, blije forsvarer, saalænge der findes en vaabenfør Mand i Landet», skriv *Sogningen*.<sup>48</sup> Å møta fram og røysta ja er ei æressak for «enhver god Fædrelandsven, som har Stemmeret», slår avisar fast. «Gud fri oss fraa at nokon vaagar aa gjera svenske av seg og oss og vaart federaland i desse tider», melder *Sogns Tidende*.<sup>49</sup>

Praktisk valretteleiing fekk stor plass, slik det var vanleg føre val, og det vart lagt til rette for størst mogleg frammøte. Det vart sett opp ein gratis ekstratur med dampbåten «Fjalir» slik at fjærlandingane kom seg til Balestrand og dei som høyrdde til annekса i Vik kom seg til Viksøyri før gudstenesta og røystinga. I ein lengre artikkel om dei praktiske sidene ved røystinga, finn lensmann og valstyreformann A. Øen i Vik òg grunn til å koma med ein varm appell til dei røysteføre om å møta fram, og «Lad der ikke komme noget Nei i Urnen». <sup>50</sup>

Det var opprop frå alle formennene i partia på landsplan samla, frå Sogn Ungdomslag, frå leiarar for lekmannsorganisasjonane på Vestlandet, frå amtmann John Utheim, frå partiformennene på Vestlandet og frå redaktørane vestafjells. Så mange brev og opprop kom inn at *Sogns Tidende* ikkje fekk plass til alt. *Sogningen* kom med si einaste ekstrautgåve gjennom heile året onsdag 9. august, som vart spreidd i 4-5000 eksemplar – mellom anna til kvar enkelt av dei 800 røysteføre i Vik. <sup>51</sup>

No byrja, for fyrste gong i 1905, det me lyt kalla vanlege lesarbrev å fylla spaltene. Frå Luster kom det eit ja-opprop underskrive av 23 bygdefolk som òg var slege opp på alle handelsstader, og Skak Ormelseng, konservativ bonde og politikar frå Sogndal, kunne ikkje tenkja seg at «nogen virkelig norsk borger» vil svara ‘nei’, for «ethvert saadant ‘nei’, vil dybere seet, virke, som granatbomber rettet mod os selv og være et ypperlig krigsmateriel for det svenske folk». <sup>52</sup>

Det kritiske punktet var ikkje nei-røystene, som alle no rekna med ville vera forsvinnande få, men frammøteporsenten. Som sokneprest Eilert Patrick Juul i Aurland formulerte det: «Et sparsomt fremmøde er et moralsk nederlag for os selv, vore styresmænd og vort folk. Ja det kan føre os i fare og ufred.» <sup>53</sup> No vart den gode gamle samtale-sjangeren, kjend alt frå Kongsspegelen og mykje nytta gjennom opplysningsstida, henta fram for å overtyda dei mindre engasjerte om å møta fram. Signaturen «V» tok føre seg Ola gardmann, som ikkje heldt blad og låg og kvilde seg når grannen kom innom for å fortelja om folkerøystinga. Grannen var «ein heilt onnor kar, med sunn tanke og vaken samhug med det som no hender». <sup>54</sup> Han prøvde å overtyda Ola om at han lyt møta fram og røysta 13. august, men han var vond å overtala og var mellom dei som ikkje hadde «stor sut um dette røret, som han kallar alt som hev det minste med politiken aa gjera». Ola let seg ikkje overtala av alskens appellar om å tena fedrelandet, så orden på sakene vart det ikkje før kona kom og stramma han opp: «Du vil liggja heime og sova du, høyrer eg. Eg ser ikkje at det gjeng betre med onningi di enn hjå andre, um du altid hev for skikk aa sova burt sundagen. Og kva trur du naar han Lars, son vaar, vil segja, naar han kjem heim fraa by'n, dersom du legg deg til her heime.» - Han hadde lese meir om slike ting enn foreldra sine. Det enda med at grannane vart samde om å møta den 13. Og konklusjonen? «Der var ei flink kona i huset, og so var der ein flink son i byen.»

Ord som «forrædar» sat laust. Innsendaren A. Silseth meinte eit «nei» aldri kunne «forklares anderledes, end at det paa en eller anden maade maatte bunde i et slags forræderi mot det beste, vi eier paa jorden, vort dyrebare fædreland - det ethvert normalt menneske maa og vil elske over alt andet paa jorden». Her var det ikkje slingringsrom: «Vi synes det vilde være ilde, om der blandt tusinde stemmer blot skulde findes et eneste nei.» Problematiske segment i veljarflokkene vart identifiserte og fekk gjennomgå. Bladstyrar Jens Kvåle sjølv var sterkt uroa etter å ha lese meldingar i bergensavisene der ein

... ottast for at ein og annan havstrilen som bur ute i dei ytste skjeri, vil koma til aa svara *nei*. Dei er ogso utan all politisk opplysning. Hjaa mange av desse folk hev der reist seg ein mur av hat millom deira eigen person og alt som høyrer samfund og fedraland til. ... Dei kann let koma til og verta forrædarar mod dei krav som fedralandet hev.<sup>55</sup>

Kvåle var òg uroa for at lekmannsfolket heldt seg heime - «me kann ikkje tenkja oss at dei ... kunde gjera sitt arbeid ein større skade» - så dei vart særleg oppmoda om å lesa oppropet frå lekmannsorganisasjonane som stod i same nummeret.

Redaktør Thorsen i *Sogningen* kjende seg ikkje heilt trygg i Vik heller - «vi ved, at der er Sløvhed baade her og der. Det er ikke sikkert at alle uden videre forstaar Nødvendigheden» av å røysta. Difor lyt «Sogns Ungdom», som tydelegvis er dei han har mest tru på, dela bygda mellom seg og gå frå dør til dør for å få med alle, og det må organiserast skyss.<sup>56</sup>

Kvåle hadde oversyn over sogndalsområdet. «Kaupanger er trygt, so der møter kvar mann med sitt ja.» I Sogndal såg det òg lyst ut, men det blir ramsa opp 15 menn som hadde teke på seg å ordna med forfallssetlar for dei som ikkje kunne møta den 13. «Frå Norum hev me ikkje frett dei siste two dagar, men sjølv sagt er ikkje der ei svikarsjæl som gjer svenske av seg.» Aldri har vel heimesitjarar vore meir uglesedde. Gong etter gong blir det terpa på at svenskane vil ta alle heimesitjarane til inntekt for nei-sida. Difor er dei som «held seg heime eller møter og stemmer nei, han er ikkje verd aa tre paa fedralandet si jord, er ikkje verd ei grav under den norske torva.»<sup>57</sup>

### 13. august: «taarorne rann nedyver kinni paa mange»

Tysdag 15. august kunne *Sogns Tidende* formidla ei heilt fersk telefonmelding som fortalte om 365 000 ja og 182 nei, der 19 valsokn framleis mangla. *Sogningen* mangla 12 valsokn i det detaljerte oversynet sitt fredag 18. august over alle amta og byane, attåt alle herada i Nordre Bergenshus Amt. Det endelege resultatet kom først på prent 25. august.<sup>58</sup> Med feite typar gjorde avisas sjølv sagt eit nummer av at Vik var på landstoppen i valdeltaking med 692 av 703 røysteføre, altså 98,4 prosent (alle røysta ja).<sup>59</sup>

Frå mange bygder kom det no rapportar om korleis dagen hadde gått føre seg, og det er den massive og engasjerte oppslutnaden, den stramme regien og karakteren av gripande og alvorleg folkefest som fell ein i augo. Formelt var det ei folkerøysting, men både i intensjon, gjennomføring og verknad bør det heller kallast ein statsregissert politisk massedemonstrasjon som folk slutta hugheilt opp om. Folk var oppmoda om å flagga, og klokka 9 gjekk alle flagg til topps til salutt (Vik). I dei bygdene der ein del var avhengige av båt for å koma til hovudkyrkja, vart dampbåtane tekne imot med pomp og prakt på bryggja. I Vik vart det flaggpynta dampskipet «Fjalir» med militærmusikken ombord, møtt på bryggja av fanar og ei folkemengd, som så gjekk i tog opp til kyrkja. Dette, og at «Bygdens jenter» burde gå i bunad, hadde valstyreformann Øen gjeve detaljerte instruksar om i avisar på førehand.<sup>60</sup> Kyrkjene var fint pynta med blomar, lauv og flagg, «hvilket bidrog meget til øgning af feststemningen» (Gulen), og gjerne med banner - «Frit Norge» stod det over korkvelvingen i aurlandskyrkja. På Leikanger strøymde folk til kyrkja ein time før gudstenesta skulle byrja, og overalt blei det meldt om fulle hus.

Så var det gudsteneste, som kulminerte med at presten tala om den komande folkerøystinga, og denne dagen var det ikkje mange hemningar mot agitasjon i val-lokalet. Presten i Gulen sa at dei som røysta nei, rømde «høgsætet i si eigi stova og ganga aat koven og lata framandfolket faa høgsæteplassen og raada romet». På Leikanger hadde dei hjelp av sjølvaste bispen, som bad folket seia «sitt ja og amen» til 7. juni-vedtaket. Så song ein fedrelandssalmar - i Aurland heile fire på rad, og dei mest sungne var «Ja, vi elsker», «Jeg vil værge mit land» og «Gud signe vaart dyre federaland». Etter songen skaut dei av «12 tunge dynamitskot» i Aurland. No var det så stilt i kyrkja at ein kunne høyra andedraga til kvarandre, «forsamlingen drog innimillom tunge sukk, taarorne rann nedover kinni paa mange». «Aldrig vil den stund gaa af mindet hos dem, som var tilstede», vert det meldt frå Gulen, og på Leikanger var det «ei høgtidsstund, som aldri gjeng or minne fraa slekt til slekt».

I denne stemninga skulle så veljarflokkene gå til røysting og skriva eit ‘nei’ på ein setel eller bruka ein førehandstrykt ‘ja’-setel, som både avisene hadde sytt for.<sup>61</sup> På Leikanger la dei ut kvinneunderskriftslistene i sakristiet slik at alle kvinner over 25 år kunne gå dit og skriva under etter gudstenesta. Her skulle sjølve røystinga føregå i



*I Balestrand blei det arrangert folketog den 13. august 1905. Her ser vi fleire dress-kledde menn, truleg på veg til røystelokalet. Mannen med trommer i forgrunnen skal vere Ola Vestreim. (Eigar: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, fotograf: ukjend)*

skulehuset, så dit gjekk kyrkjelyden i tog og høyrd amtmann Utheim tala før ein gjekk til røysting. Etter røystinga gjekk ein nokre stader samla ned att frå kyrkja, og somme stader sende ein takketebogram til regjering og Storting. I Vik gjekk 1500-2000 i tog ned til dampskipeskaien der lensmann Øen gjorde eit leve for fedrelandet før forsamlinga song to fedrelandssamlar og veljarane gjekk om bord att i «Fjalir».

I heile Nordre Bergenhus Amt røysta tre personar ‘nei’, ein i Selje og to i Sogndal. Dei to vart kalla «svenskar» og elles ikkje gjort noko større nummer av.<sup>62</sup> «Ingen svikar! Ingen forrædar!», heiter det i meldinga frå Leikanger der alle røysta ja.<sup>63</sup> Det store frammøtet blir kommentert og rosa i meldingane frå dei fleste bygdene, og somme stader gjekk det langt betre enn venta. På Hafslo var det på førehand frykta at «hafsloingarne og daa sers veitastrendingarne er so politisk formyrka og skakkjørde at dei mannjamt vilde røysta nei», eit rykte som visstnok vart sett ut av ei hovudstadsavis og ein tidlegare stortingsmann. Men eit folkemøte 6. august hadde klåra opp mykje, og «skodda dreiv burt fraa grend etter grend», så det enda med godt frammøte og ingen nei-røyster. Storparten av dei som mangla, var veitastrendingar som ikkje kom seg med dampbåten på Veitastrondsvatnet grunna propellskade. I Gulen blir dei få manglende røystene orsaka med at det var sjømenn som ikkje rakk heim tidsnok, men i Jostedalen vert ikkje heimesitjarar vist nokon nåde. Av dei fem som ikkje røysta, hadde tre reist frå bygda, «men dei andre two, Anders N. Bjørheimen og Lars N. Hesjevoll, sat heime.»<sup>64</sup> Det er vel ikkje urimeleg om ein del gjekk og røysta hovudsakleg fordi dei var redde denne typen offentleg uthenging.

Det vart aldri kjent kven som stod bak dei to nei-røystene i Sogndal, og den einaste motstandaren av 7. junivedtaket me høyrer om i det heile, var ein anonym kar frå Sogndal. Han hadde skrive «Unionen er uigjenkaldelig opløst» på røystesetelen med det resultatet at setelen vart forkasta av valstyret, og dette reagerte *Sogningen* på. Mannen forklarte røystemåten sin med at han «som saa mange andre» hadde vore usamd i 7. juni-vedtaket, så den 13. august kunne han ikkje røysta ‘ja’. Men sidan Noreg «uigjenkaldelig» hadde opplyst unionen 7. juni, kunne han heller ikkje røysta nei.<sup>65</sup>


Folkerøystinga fall midt i turistsesongen i Sogn, og dette gav seg utslag på fleire måtar. På Skjolden i Luster hadde 18 engelske menn og kvinner, av dei fleire lordar, utsett heimreisa «av samhug og interesse for avrøystingi». Det vart òg halde ein takketale på engelsk for dei.<sup>66</sup> I Gudvangen låg turistskipa «Ragnvald Jarl» og «Sigurd Jarl» med ein heil del engelske, tyske og svenske turistar som viste stor interesse for røystinga, og fleire av engelskmennene uttalte «at vi overalt i England hadde stor Sympathi for vort Frihedsarbeide».<sup>67</sup> *Sogns Tidende* melder òg at 215 engelske turistar hadde reist til Bergen tysdag etter røystinga, og det vart stor jubel ombord då dei høyrdé resultatet av røystinga. I Fjærland gjekk utlendingane med i toget, og dei fleste bar norske farger på bringa. Om kvelden song fjærlendingar og engelskmenn om kapp.<sup>68</sup> Slik kontakt hadde neppe mykje å seia for England sin politikk andsynes Noreg og Sverige i 1905, og viktigast for haldningsdanninga i England var nok den breie dekninga som den politiske situasjonen i Skandinavia fekk gjennom engelske aviser. Men kjennskapen som mange velståande engelskmenn hadde fått til Noreg gjennom den nyestablerte cruiiseturismen, var det minste med på å trekka den engelske sympatién i same lei.

## «So snart preiki var ende, fór kvinnorne i flokk aat sakristiet»

Stortinget innførte allmenn røysterett for menn over 25 år i 1898, men kvinnene fekk ikkje røysterett til stor misnøye i kvinnerørsla. Oppgåva for kvinnene i samband med folkerøystinga 13. august vart dermed, med *Sogningen* sine ord, å «tjene sit Land og sit Folk ved ... at faa sine Mænd, Faedrer, Forlovede og sønner til at delta i Afstämningen med Ja-Seddelen. Derved gjør Kvinderne en god Gjerning.»<sup>69</sup> Attåt dette kunne dei altså gå i tog og stilla i bunad.

Kvinnerørsla var slett ikkje nøgd med å bli tilvist slike oppgåver, så Landskvindestemmeretsforeningen med Fredrikke Marie Qvam i brodden sette i gang ein kvinneunderskriftsaksjon tidleg i august. «Vi ved, at i glæden over den beslutning, som skal bekräftes, blander sig kvindernes sorg over ikke, ad lovformelig vei, at faa være med at besegle den med sit ja,» heitte det i oppropet frå kvinneorganisasjonane.<sup>70</sup> Difor vart kvinner oppmoda om å skriva under på eit opprop til støtte for unionsoppløysinga, og ein imponerande landsfernande aksjon vart sett i gang på rekordtid.

Kvinneoppropet vart gjort kjent i *Sogns Tidende* 9. august. Avisa hadde fått ei liste, og kvinner i Sogndal hadde alt teke til å samla underskrifter. Det gjekk fort og godt, blir det meldt. På ei liste hjå fru Arctander, prestefrua, har det alt skrive seg på ei lang rekke kvinner over 25 år. «Alle bygder maa gaa i gang med det same. Ogso denne røyst maa verta sterkt, skal det duga,» er oppmodinga.<sup>71</sup> Frå Leikanger har ein ei levande skildring korleis det gjekk føre seg:



Folkerøystinga i Stedje kyrkje, Sogndal, 13. august 1905. *Sogns Tidende* informerte om fotograferinga føreåt for å få folk til å stilla opp og formidla sal av fotoet etterpå. Det heng framleis i stort format i mange heimar i Sogndal. Jens Kvåle sjølv står ytst til venstre med den fem år gamle sonen sin i kvit trøye, truleg den einaste ungen på biletet. Dette ville faren at han skulle få oppleva, fortel Dagny Kvåle. (Eigar: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, fotograf: ukjend)

Presten lyste fraa kordøri, at alle kvinner yver 25 aar vilde faa høve til aa skriva sit namn paa listor, som var utlagd i sakristiet, fyr aa stydja mænnernes ja i urni. So snart preiki var ende, før kvinnorne i flokk aat sakristiet, der dei kappast um aa koma til, og det var eit gripande syn aa sjaa gamle konor - sume med stav - staa og ropa til dei yngre: «Skriv meg! Skriv meg! Skriv meg og!» Mange mindes visst Bjørnsens ord: «Kvinder selv stod op og strede». Det var dei gammles siste kamp fyr fedralandet, dei her stridde ut. Paa nokre minutar vart der teikna umkring hundrad namn.<sup>72</sup>

Totalt vart det samla inn 279 878 kvinneunderskrifter, eit tal som tilsvarte heile 76% av mennene sine ja-røystene. Den 22. august overleverte Landskvindestemmeretsforeningen 244 765 av desse underskriftene til Stortinget, og det er herifrå me har det kjende talet frå Nordre Bergenhus Amt: 2451 underskrifter.<sup>73</sup> Me veit iallfall sikkert at dette ikkje var det endelige talet for fylket. I Lavik gjorde dei ein original - og ureglementert - vri då valstyret, der Lasse Trædal var formann, sende inn ei liste med 59 kvinneunderskrifter saman med det offisielle valoppgjeret.<sup>74</sup> Om me reknar med at det mangla like mange i Nordre Bergenhus som i resten av landet på dette oversynet, skulle det samla talet for fylket bli drygt 2800. Dette tilsvarer berre 17% av dei 16 700 ja-røystene i fylket, så spørsmålet må nødvendigvis bli kvifor kvinneaksjonen fekk därlegare oppslutnad i Nordre Bergenhus enn i resten av landet.

Kjerstin Risnes har spekulert i om grunnen kunne vera eit meir tradisjonelt kjønnsrollemønster i Nordre Bergenhus enn elles, men trur det er lite rimeleg.<sup>75</sup> I den grad røyster for republikk i november 1905 og på (reine) Venstre i stortingsval er eit teikn på radikalisme, var det iallfall ingen ting med fylket som skulle tilseia mindre radikalisme og større aversionar mot kvinneleg røysterett enn elles i landet. Risnes har vidare peika på den vanskelege geografien som ei mogleg forklaring, men det er ikkje Sogn og Fjordane åleine om å ha. Det største problemet var nok likevel, som Risnes òg peikar på, mangelen på eit effektivt kvinnenettverk. Kvinneorganisasjonane hadde ikkje noko utbygt organisasjonsapparat i fylket, og heller ikkje andre alliansepartnarar som gjorde jobben. Dette var dessutan på ei vanskeleg tid, midt i stølssesongen då mange var til fjells, langt unna alle underskriftslistar. Me må iallfall konstatera at den einaste kjende aktivisten i Sogn var prestefrua i Sogndal.

Her skal dessutan eitt moment til strekast under: Kvinneaksjonen er mest ikkje nemnd i dei to avisene, og aksjonen hadde såleis ikkje den drahjelpa frå pressa som mange andre stader der avisene gjekk aktivt inn i kampanjen. Dette kan vera ei forklaring på den dårlige oppslutnaden, samstundes som det òg kan vera ei følgje av lite organisert arbeid. Bortsett frå den nemnde oppmodinga i *Sogns Tidende* og den sentrale oppropsteksten frå kvinneorganisasjonane ei veke etter, står det ikkje noko om oppropet før to notisar sist i august som oppsummerte kor mange underskrifter som var komne inn på landsplan.<sup>76</sup> Av dei mange lokale rapportane frå røystedagen er det berre frå Leikanger kvinneoppropet er nemnt. Der kom det som sagt inn kring 100 underskrifter på nokre minuttar bak sakristiet, men det vart totalt avgjeve 478 ja-røyster av mennene, så det skulle framleis samlast inn over 300 underskrifter for å koma opp på landssnittet i kvinneaksjonen.

Mykje er framleis uklårt når det gjeld kvinneunderskriftsaksjonen i Sogn, jamvel kor mange underskrifter som eigenleg vart samla inn i fylket og futedømet, så her ventar ei stor og interessant granskingsoppgåve. Men ut ifrå avisene og dei kjende underskriftstala kan me trygt slå fast at det aldri vart fart på aksjonen i Sogn.

## Karlstad-stormarar i Sogn?

Med folkerøystinga var eitt av Sveriges sine vilkår oppfylte, og no gjekk det mot forhandlingar i Karlstad. Med det var òg den norske semja frå 13. august over. Ein radikal opposisjon, «Karlstad-stormarane», vart no svært aktiv. Den hadde stortingsmennene Johan Castberg og Wollert Konow (Hedm.) i brodden, målavisa *Den 17de Mai* som hovudorgan og norskdomsrørsla som den viktigaste politiske basisen. Striden gjekk først på forhandlingsopplegget og deretter på resultatet etter at regjeringsane vart samde i Karlstad 23. september. Karlstad-opposisjonen vart deretter kjernen i den republikanske rørsla fram mot folkerøystinga om styreforma i november. I stor grad var dette dei miljøa som våren 1905 agiterte for «vedtakslina».

Korleis plasserte dei to avisene våre seg i dette landskapet hausten 1905, og korleis vart Karlstad-tingingane mottekne i Sogn? *Sogningen* valde ein tydig den forhandlingsviljuge regjeringslina. Tysdag 22. august vedtok Stortinget å be om forhandlingar med Sverige, og *Sogningen* var sterkt kritisk til mindretallet på 11 - med Castberg og Konow i brodden - som ville stilla krav for å gå inn i tingingar som i praksis var umoglege for svenskane å gå med på. Alle hovudstadsaviser unntake *Norske Intelligentsedler* og *Social-Demokraten* støtta fleirtalet, skriv *Sogningen*, som syter for å sitera fleire Venstre-aviser som òg støtta regjeringslina.<sup>77</sup> Den raude tråden gjennom dei svært spente vekene då tingingane gjekk føre seg (31. august til 23. september) var at forhandlingsbrot og krig var verre enn alt anna, og avisar var ikkje med på det utbreidde norske raseriet mot det svenske kravet om å riva grensefestningane:

Der kan vel ikke hænde de nordiske Folk noget ulykkeligere, end om Forhandlingerne i Karlstad nu skulde strande. Hvad en Krig - uanseet Utfaldet - vilde indebære af Rædsler og Ødelæggelser for begge Folk, af Skam og Vanry over hele den civilicerede Verden, af hundreaarigt Had og Svækkelse overfor fælles Farer, kan enhver med Gru sige sig selv.<sup>78</sup>

Sjølv om eit forhandlingsbrot ikkje skulle føra til krig, ville det bli ein fred som «vilde indebære altfor meget af en Krigstilstands Helvede, - en Fred med uafladelige Kristsrudtsler og Krigsforberedelser». Det blir jamleg òg halde fram kor dyrt det er å kriga. Dette vart skrive etter den kritiske forhandlingspausen der delegasjonane var heime for å rádføra seg, og situasjonen var i desse dagane på det mest spente. Sverige hadde ei tid sendt troppar til grenestroka og heldt att styrkar som var inne til repetisjonsøving, og Noreg mobiliserte midt i september.

Det er såleis ikkje overraskande at *Sogningen* tok Karlstad-semja og den norske forhandlingsdelegasjonen i forsvar då dei kom heim: «En inderlig Tak sender vi Statsministrene Michelsen og Løvland, Præsident Berner og Advokat Benjamin Vogt for deres trofaste Vagthold om Fædrelandets sande Ære.»<sup>79</sup> Då innhaldet i avtalen vart kjent, vart avisar noko meir negativ. I ein kommentar til hovudpunktata i avtalen, skriv redaktøren at «Det almindelige Indtryk er vistnok, at magrere kunde Forliget ikke blit.» Sjølv om Kongsvinger festning får stå, vil forboda mot modernisering gjera ho meir og meir ubrukeleg. Og fredlyste nøytrale grensesoner «har man hidtil kunnet stole lidet paa». «Det eneste Punkt, hvor vi har opnaaet Indrømmelser, synes at være paa Renbeiterettens Omraade», heiter det lakkonisk. Likevel blir avtala forsvart, skulda blir lagt på stormaktene, og dei som har hatt «det lidet misundelsesværdige Hverv at være vort Lands

Repræsentanter» får sin takk. Den «sorgblandede Bitterhed» som folket har motteke tingingsresultatet med, rettar seg ikkje mot dei menn som har ført saka vår i Karlstad, blir det presisert.<sup>80</sup> Samstundes blir den nøytrale grensesona og valdgiftstraktaten vurdert meir positivt i ein annan redaksjonell kommentar. «Den er en Seier for den menneskelige Civilisation», heiter det, og dette har ikkje ålmenta fått augo opp for enno. No retta *Sogningen* òg skytset mot Karlstad-stormarane. Denne «lille Kristiania-klik, der alt länge har drevet sin Opposition mod Regjeringen», trugar med å velta «hele Norges nyvundne Selvstændighed i Grøften». Det blir særleg lagt vekt på at kjende venstremenn frå ulike delar av landet «negter at være Verktøi i en Kristianiaklubs Agitation» etter at Karlstad-stormarane hadde teke initiativet til ein aksjon mot forliket. Dei yngre offiserane som truga med å seia opp dersom grensefestningane vart rivne, tykte *Sogningen* kunne «søge Tjeneste hos en af de sydamerikanske Republiker, hvor der er bedre Anledning til at udøse Blod og slagte ned Medmennesker end her hjemme i Norge.»

Avisa kunne òg by på dette fikse oppsettet med namna til seks stortingsmenn i Karlstad-opposisjonen:<sup>81</sup>

Hva de 6 fører til!

K o n o w.  
E r i k s e n.  
G r i v i.  
B r y g g e s a a.  
C a s t b e r g.  
H o u g e n.

Kva så med *Sogns Tidende*? Det fyrste spørsmålet er om avisa heldt fram den regjeringsvenlege og moderate lina frå februar/mars, eller om ho no nærma seg Karlstad-stormarane; ikkje minst sidan sentrale miljø i norskdomsrørsla og målavisa *Den 17de Mai* utgjorde den kanskje viktigaste kjernen. Det andre spørsmålet er om Sogn, som ein av dei regionane der norskdomsrørsla og målsaka stod sterkest, kunne by på eit folkeleg engasjement til støtte for Karlstad-opposisjonen. I så fall burde dette koma til uttrykk gjennom *Sogns Tidende*.

Før Karlstad-tingingane såg avisa det tydelegvis som si oppgåve å vera med på å stiva opp dei norske forhandlarane. «Dei norske kravi reiser seg sterke og sterke mot at grensefestningane skal gjerast til inkjes», blir det meldt, og «me vil vona at dei norske statsmenn finn formerne og ikkje gjeng i kne for dei uvurdyne kravi».<sup>82</sup> Kritikk mot regjeringa og forhandlingsopplegget kom det likevel ikkje: «Me er samd med dei blad som kann vera ottesame ved tanken paa, at den norske døri vert opna til forhandling for svenskar. Men me hev den tru til regjeringi at ho kann andøva vaar rett og vera ubundi av vedtaket.»<sup>83</sup> No må forhandlarane få ro, og avisa er sterkt kritisk til dei som polemiserer imot stortingsvedtaket 22. august om å gå inn i forhandlingar. Slik kritikk bryt berre opp den nasjonale einskapen, og det gjer det vanskelegare for forhandlarane. «Der hev nok vore usemjø ogso fyrr, men folket hev halde seg i skinnet,» noko *Sogns Tidende* sjølv hadde gjort då Stortinget den 7. juni gjorde det «leie» vedtaket om å tilby trona til ein svensk prins.<sup>84</sup> Alt no blir militarismen avvist og fredslina slegen fast. Det kan godt vera at dei som «gjerne ynskjer ein krig til vigsel yver fridomen» vil få rett om hundre år, for «vaare sogamenn hev også sagt at det rann for lite blod i 1814». Lakonisk skriv avisa at ho

... hev djup vyrndad for slik tale, og me trur at mange av dei som liver so stort med i tidi med gleda sjølve gjekk til grensa og let sine bein kvila att der. Men det breide lag i folket bed seg Gud bevare fraa krigene. Og det maa dei hava rett til ogso. ... Aa staa ferdig til krig, det er stort; men ein skal ikkje forguda heller den ting. Framtidi vil vonleg doma onnorleis um krigsmod og fredstinging enn vaare sogaskrivarar hev gjort til denne tid. Det kann jamvel henda at vaare etterkomrarar um dei hundredar aar er byrge yver at deira fedrar i 1905 braut ut or unionen og greidde baaten millom bylgjorne utan tap av eit menneskjeliv.

Ein heroisk militarisme som ideologi blir såleis endå meir eksplisitt avvist av *Sogns Tidende* enn av *Sogningen*.

Men når det kom til stykket og det røyna på i tingingane, vart det tydeleg at *Sogns Tidende* var mindre avvisande til ein valdeleg utgang på konflikten enn konkurrenten i Vik. «Eit svenskmerkt, svidebrent sjølvstende maa visast attende. Daa heller ingenting.» Står Stortinget saman med eit samla folk, vil utlandet godkjenna statsskipinga, og «Daa er tidi inne til meir norsk-norsk framferd enn sjølve dei 11 ynskte den 22 august.»<sup>85</sup> Vona ligg i at stormaktene ikkje har interesse i ein væpna konflikt i Skandinavia.

Midt i september hadde tungsinnet nådd *Sogns Tidende*. «Sikkert er det at uppgrjeving av vaare grensefestningar som Kongsvinger og Fredriksten vil leggja gravstemning yver vaart folk eller ogso reisa det samstelt harme.»<sup>86</sup> Dersom forhandlarane er «komne burt paa eit skraaplan som ikkje fører til annan enn utfor stupet med den norske æra og den norske framtid», er løysinga heller «utsetjing» av vidare tingingar, utan at konsekvensane blir vurderte.

Då Karlstad-semja låg føre, var botnen nådd for *Sogns Tidende*: «Vondt vert det aa døyva kjensla av at Noreg hev maatta bøygjte seg djupt til knes»<sup>87</sup> - «Ydmygelsen er sikker - og stor.»<sup>88</sup> Den einaste trøysta var at verda rosa den fredelege framferda og sette Noreg langt fram i fredsarbeidet, men me vil heller ikkje ha glede av dette sidan me er «piska til aa vera med i fredsarbeidet». Ein innsendar frå Leikanger fekk sleppa til for å seia at no lyt ein slå i bordet til svenskane og heller ta kriga om han kjem - det er betre enn at «eit anna land skal hava rett aa komandera vaare festningar burt» og «blanda seg inn i vaart styre og stell».<sup>89</sup>

Protestane mot Karlstad-semja får spalteplass, og det blir hevda at sorga og harmen ikkje vil leggja seg, og at folket no står kløyvd.<sup>90</sup> I Sogndal skipa venstreforeininga til eit møte som samråystes vedtok denne fråsegna til Stortinget:

Eit møte i Sogndal idag 8de oktober uttalar djup misnøgje med semja fraa Karlstad, avdi vetaket um grensefestningane gjeng vaar nasjonale æra for nær og gjer landsens framtid ubetygg. Likeins krev me med all vaar rett og styrke at folket skal faa lov til aa uttala seg um statsformi.<sup>91</sup>

Fleire tidlegare stortingsrepresentantar frå fylket var sameleis med på ei fråsegn til Stortinget der dei uttalte «den her raadende almindelige beklagelse af forhandlingsresultatet og bestemte forlangende om at forfatningsspørsgsmalet afgjøres ved folket i valg». Avisa melder òg at det er sendt protesttelegram til Stortinget frå Innvik, Hornindal og Nordfjordeid i Nordre Bergenhus Amt. Men *Sogns Tidende*, tilliks med sogndalsmøtet og dei tidlegare tingmennene, kom aldri med oppmodingar til sogningane om å senda protestfråsegner, og gav aldri noko klårt råd om Stortinget burde seia ja eller nei til avtalen, eller om at Karlstad-semja skulle leggjast ut til folkerøysting.

Hovudorganet for Karlstad-stormarane, *Den 17de Mai*, formidla gjennom spalta «Folkeharmen» protestar frå heile landet. Tre brev kom frå Sogn - eitt frå Olav Sande, eitt frå Lærdal og eitt frå Kr. Bærum i Luster.<sup>92</sup> Dei to siste ser me ikkje noko til i *Sogns Tidende*, og det kan vera protestar som ingen av dei to avisene har fanga opp. Eit uttrykk for folkeharmen kunne òg *Sogningen* formidla til skrek og åtvarting. Tidlegare stortingsrepresentant Liljedahl frå Vik hadde fått eit anonymt brev der det vart sagt at «de Thingmænd, som stemmer for Karlstadoverenskomstens Vedtagelse, bør begive sig ind i Ørje Fæstning og opholde sig der, medens den sprænges i Luften.»<sup>93</sup>

Men hovudkonklusjonen kan knapt bli annan enn at trass i utbreidd misnøye med Karlstad-semja, fekk ein protestaksjon aldri noko fotfeste i Sogn, og inkje tyder på at støtta til dei som røysta mot forliket i Stortinget var stor. Punktum for Karlstad-striden i sognaavisene vart då òg at stortingsmennene frå amtet vende seg veljarane for å forklara kvifor dei røysta for.<sup>94</sup>

Om *Sogns Tidende* og redaktør Kvåle må det kunna seiast at dei protesterte for all verda, men fylgte med på ferda. Og etter at Stortinget vedtok Karlstad-semja mot 16 røyster og *Sogns Tidende* hadde brukt god plass på å referera ordskiftet, var haldninga at trass i at det vart eit «klient og tuske forlik» i Karlstad, må «modet haldast uppe», for no skulle nye slag stå: «No straks maa folk i forfatningsspurmsalet syna, at dei er vakne.»<sup>95</sup> Så fekk då òg redaksjonen takkehelsing frå sjølvaste Jørgen Løvland for haldninga i Karlstad-striden.<sup>96</sup>

## Kor sterkt stod «de republikanske Rabaldermagere»?

Så lenge tilhøvet til Sverige var uavklåra, var det ikkje tid for strid om statsforma, skreiv republikanaren Jens Kvåle i juni; og beit i seg misnøya med Bernadotte-tilbodet, for «det kunde gjera ugagn for regjering og storting i deira arbeid med aa greida og ordna unionsflokarne. Difor hev republikanararne og alle dei som er misnøgde med ‘kongedøme av Guds naade’, halde seg i skinnet til denne tid.»<sup>97</sup> Han varslar likevel at om ikkje svenskekongen tek imot tilbodet, vil spørsmålet reisa ein «kvass strid».

Det skulle han få rett i. Då Karlstad-tingingane var over sist i september, vart spørsmålet om styreforma raskt vel så viktig for avisar som striden om Karlstad-semja. Dei to spørsmåla blir jamvel knytte saman på den måten at republikken skulle ha terapeutisk effekt:

Hev me gjenge under aaket i Karlstad, avdi me hev vore persa fraa utlandet og av eit brorfolk, som altid hev bite og slite i oss, so skal me no gjeva vaart land og vaar framtid den uppreising som me evlar utan aa bry oss korkje um Sverik eller utlandet. Noko uppreisning vil ein republik verta.<sup>98</sup>

Kongedømet var «utlivt og daut», og i eit demokratisk land var det «ein utvokster paa det ideale liv som folket hev sett seg». Republikken høvde med fredstanken som var sterkt framme i tida, og ville høva med at «folket er eit arbeidsfolk som ikkje hev utkoma til og ikkje syn for krupande menneskjedyrking». Spørsmålet var aktualisert av at ti stortingsrepresentantar hadde gjort forslag om val innan midten av november for å setja ned ei grunnlovsgjevande storting til å avgjera statsforma, subsidiært utsetjing av saka til etter stortingsvalet 1906.

*Sogningen* var ei like klår kampanjeavis for kongedøme som *Sogns Tidende* var det for republikk. *Sogningen* opna felttoget sitt mot republikanarane med å gje att ein lengre artikkel frå Bergens Aftenblad om dei rettslege sidene av den republikanske agitasjonen.<sup>99</sup> «Vi lægger dog ikke overfor Nutiden nogen afgjørende Vegt paa, at Eidsvoldsforsamlingens overvældende Flertal sluttede sig om Kongedømmet,» heiter det, men det var nettopp dét kongedøme-agitasjonen gjorde: Glansen kring Grunnlova, 1814 og 17. mai var noko av det som det vart spela mest på, og grunnlovskonservatismen vart mobilisert for kongedøme: «Vi har en Grundlov, og den skal følges; alt andet er Revolution.» I ein redaksjonell notis i same nummer heiter det at «Intet er mere betegnende for den fanatiske Blindhed hos dem, der agiterer for Indkaldelsen af en grundlovgivende Forsamling, end at de forgriber sig paa selve den 17de Mai, som er Nationens Hædersdag, dens Stolthed og Øiesten.»

Også kongedømesida spela på Karlstad-semja, men på ein heilt annan måte. Dei freista å framstilla motstand mot Karlstad-semja og kampanjen for republikk som to sider av same därlege sak for å understreka at her hadde ein med politisk uansvarlege og rabulistiske krefter å gjera. «Det er mange, som tror, at den voldsomme baade hemmelige og offentlige Agitation mod Overenskomsten i Karlstad staar i Forbindelse med den nu reiste Agitation for Republik. Næsten alle de 10 Storthingsmænd, som har fremsat Forslag om Republikens Indførelse, stemte da ogsaa imod Konventionen i Storthinget.»<sup>100</sup> Motsetnaden mellom dei uansvarlege rabulistane og dei ansvarlege statsmennene går som ein raud tråd gjennom agitasjonen.

Folkerøysting om styreforma var *Sogningen* sterkt imot. Det ville innehalda ein spire til mykje forvikling, og «Vi fornærmer ikke Vælgerne ved at sige, at de allerfleste af dem har liden Oversigt over Sagen». Diverre fanst de folk som trudde at dei «med Lethed kan tumle med de sværeste og vanskeligste Spørsgsmaal.»<sup>101</sup> Men sist i oktober vart det klårt at det gjekk mot folkerøysting, og no byrja kampen om tolkinga av røystetemaet. Formelt skulle veljarane seja ja eller nei til om dei var samde eller ikkje samde i «Storthingets bemyndigelse til regjeringen om at opfordre prins Carl af Danmark til at lade sig vælge til Norges konge». <sup>102</sup> Republikanarane stod hardt på at ‘ja’ i praksis var ei røyst på kongedøme og ‘nei’ ei røyst på republikk. *Sogningen* la like stor vekt på at det ikkje var kongedøme eller republikk det galddt, men berre ei stadfesting av om statsmaktene hadde handla rett gjennom året, og eit val mellom å «tillade Berner, Michelsen og Løvland at føre Skuden i Havn, eller om vi midt i Stormen skal give Roret til D’Hrr. Socialisterne Castberg og Eriksen, Digteren Gunnar Heiberg m. Fl.»<sup>103</sup>

Eit kjernekjunkt i kongedømeagitasjonen var det diplomatiske og næringspolitiske: Næringslivet, særleg i Kristiania og eksportnæringane, meinte ein strid om forfatninga «utvilsomt vil blive til ubodelig Skade for Landets Næringsliv». Uvisse om styreforma og innføring av republikk ville skapa ein ustabilitet i hopehavet med utlandet som ville gjera situasjonen utrygg for Noreg og vanskeleg for næringslivet. 106 av dei største bankane i landet gjekk saman om eit opprop for kongedøme og for å få vald ny konge snarast råd.<sup>104</sup> No vart spaltene i *Sogns Tidende* fylte med klypp frå norske aviser som gjekk inn for republikk og utanlandske som tilrådde republikk eller meinte spørsmålet om den norske styreforma var irrelevant i utlandet. Det diplomatiske poenget tapte raskt styrken sin, særleg då utanriksminister Løvland kunne opplysa at Noreg alt var godteke av dei framande maktene før røystinga i november.<sup>105</sup> Men det næringspolitiske poenget stod sentralt heile vegen. I det siste num-meret før røystinga fortalte *Sogningen* at i dei ni første månadene av 1905

hadde innskota i bankane i Kristiania gått ned med 16 mill kr, «som er sendt til *Udlandet*, ... Skulde ikke denslags Meddelelser være egnede til at give ogsaa de republikanske Rabaldermagere en Smule Forstaaelse af, hvad der staar paa Spil?»<sup>106</sup>

Kostnadene med eit kongedøme var viktig i nei-agitasjonen. Det vart hevdat at eit kongehus ville kosta 3/4-1 mill kr årleg, ein president berre 100 000 kr. Den gamle sparepolitikar og republikanar Søren Jaabæk vart nok vurdert å ha stor autoritet mellom sognabøndene - han vart jamleg dregen fram.<sup>107</sup> Argumentet vart teken på alvor av *Sogningen*, som siterte utsegner om at republikk kunne kosta landet dyrt i svekka nasjonaløkonomi og streka under at kjende konservative sparepolitikarar gjekk inn for kongedøme.

Avisene kjempa om å ha autoritetane på si side. Venstrefolk og tidlegare republikanarar som no gjekk inn for kongedøme, var sjølvsagt langt betre stoff for *Sogningen* enn konservative som alltid hadde vore monarkistar. Det var først og fremst venstreveljarane kampen stod om. Ernst Sars, Fridtjof Nansen og Bjørnson var populære i spaltene, og rettig godt må det ha gjort då avisene kunne sitera den kjende målmannen og teologen Peter Hognestad som gjekk inn for kongedøme i *Den 17de Mai*, eit av dei republikanske hovudorganene. Hognestad vart seinare sitert gong etter gong. Festleg må det òg ha vore då avisene kunne formidla at «Storsvenskerne raader nu Nordmændene til at bryde Grundloven og indføre Republik.»<sup>108</sup> Kven tilrådde republikk?, spurte *Sogningen* rett før røystinga. I Stortinget berre 29 representantar, «bestaaende af samtlige Socialister og de Socialisterne nærmest staaende af Venstre som d'Hrr. Castberg og Konow, som under Karlstad-forhandlingene anbefalede en Politik, der vilde have ført til Krig.» Av andre var det mest dei politikarane «som ved sidste Valg blev sat udenfor, og deres nærmeste Venner og haandgangne Mænd, deriblandt endel radikale Skolelærere, men omtrent ingen blandt Næringslivets ledende Mænd.»<sup>109</sup>

*Sogns Tidende* var vonbroten over Bjørnson, men avskrev den nyomvende monarkisten med at han var «ein gamal snurrebas som surrar rundt som anna leikety utan minste fotefeste i det han fyrr hev tala og skrive for».«<sup>110</sup> Avisa gjekk no òg for første gong etter at Michelsen vart statsminister, ut med open kritikk av Regjeringa; først for å «etla seg til aa avgjera forfatningsspurssmalet utan aa bry seg det minste um folk og folkevilje», og seinare for at ho gjekk så kraftig inn i ja-kampanjen og varsla at ho ville gå av om det vart nei - «Kongedømet skal dei no prøva truga inn paa det norske folk.»<sup>111</sup>

*Sogns Tidende* var ekstra avhengig av å kunna visa til respekterte og truverdige krefter på nei-sida sidan den monarkistiske agitasjonen la så stor vekt på at det berre var sosialistar og rabulistar mellom republikanarane. Som før røystinga i august kom det inn mange opprop, både lokale og nasjonale. Stortingsbenken frå førre periode, den gongen Venstre vann valet og tok alle plassane, skreiv under på eit nasjonalt republikk-opprop. Johannes Steen, Otto Blehr, Gunnar Knudsen og Arne Garborg vart nemnde som underskrivarar på eit anna opprop frå «kjendte mænd over hele landet». Mest overraskande er det at kongens mann i Nordre Bergenhus Amt, amtmann John Utheim på Leikanger, tidlegare stortingsrepresentant for Venstre (1892-94), slo til med eit innlegg der han oppmodar sogningane om å røysta for republikk.<sup>112</sup> Det kom godt med då *Sogningen* hevdta at republikanarane var «Skraalhalse og opviglere». «Naar me no ser at menn som t. d. amtmann Utheim arbeidar for republikk, so vil dermed ‘Sogningen’ sin dom koma i sitt rette ljos,» repliserte *Sogns Tidende*.<sup>113</sup> Seinare heldt han òg eit agitasjonsføredrag i Sogndal. Det var elles òg det

einaste møtet om spørsmålet som avisene melde om. Truleg var det fleire, men nok ein stor republikansk møteverksemnd kan det ikkje ha vore omkring i bygdene utan at Sogns Tidende fanga det opp. Heller ikkje møteverksemnd for kongedøme er det spor etter. Sogningen nemner ei rad føredrag og møte landet over, men ingen i Sogn, og heller ikkje i resten av fylket.<sup>114</sup>

Agitasjonen for kongedøme var mykje Kristiania-dominert, og dette visste Sogns Tidende å utnytta. Det vart spela hemningslaust på motsetnaden mellom by og land, mellom dei kondisjonerte og bøndene, og særleg mellom hovudstaden og resten av landet. Sogns Tidende tvilte ikkje på at eit hoff ville vera «en særdeles behagelig ting for vinhandlere, modehandlere og endel andre omsætningsmænd i Kristiania», og sameleis ville det vera «behageligt for Kristianiasnobben og Kristianiafiffen at kunne ‘gaa paa slotsbal’».»<sup>115</sup> Det kan både tolkast som ei meiningsmåling og som agitasjon når avisene skriv at «Stemningen i Sogn er ymsen. I dei bygder, der det er minst embætsfolk, er det mest republikanarar.» Frå ei «bondebygd» der alle unntake den folkelege presten var bønder, var det kome telefonmelding dagen før om at «Her stemmer me nei alle - paa 3 mann nær». Ein innsendar frå Skjolden skreiv at han gjerne ville hatt kongedøme av nasjonale og historiske grunnar, men «Eit innført kongedøme, skipa etter utanlandske mynster med millionløner og adel kan aldri verta nasjonalt her i landet.» Medan Sogningen mest ikkje hadde lesarbrev frå sogningane, hadde Sogns Tidende ei lang rad lokale republikanske innlegg.

Resultatet av folkerøystinga vekte sjølvsagt stor glede i *Sogningen* og tilsvarende vonbrot i *Sogns Tidende*. Det galdt både resultatet for landet (21,1% for republikk), Nordre Bergenhus Amt (19,6%) og Sogn (21,2%).

Korleis kommenterte avisene resultatet? Den einaste lokale stemningsrapporten var frå Kyrkjebø, og her kjem det ei viktig opplysning: På grunn av storm kom ikkje folk på sørssida av fjorden seg til kyrkja, så det forklarer nok at valdeltakinga berre var på 61% i valkrinsen. Vurderinga til ein anonym valstyremedlem i *Sogns Tidende* skal ein merka seg: «Monarkisterne har mødt op fuldtalligt. De, som uanset alt, vil ha republikken er også opmødte, men de som ønskede republikken, men var banke for, at det skulle bli vanskeligheder, om regjeringen trak sig tilbake, har foretrukket at bli hjemme.»<sup>116</sup> Det går tydeleg fram at denne karen sympatiserte med republikanarane, men det er nok all grunn til å tro at skremselspropagandaen og kabinettspørsmålet til Regjeringa har verka. Kvåle sjølv meiner den korte tida før røystinga gjorde at mange republikanarar straks miste motet. Trass i resultatet tykte han ikkje arbeidet for republikk har vore bortkasta. Mange hadde fått augo opp for at republikken ideelt sett var den beste statsskipnaden, meiner han, og han trudde at særleg «bønder og dei laagare lag i folket» hadde skjøna at «dei republikanske krav hev peikt paa den folkelege leid som landet maa styrast etter» også når det no vart kongedøme.

Republikanarane bøygde seg straks for resultatet, og valet av prins Carl som norsk konge var samråystes i Stortinget. Alle republikanske avisene la vekt på at striden no var over og at ein måtte stå samla, og *Sogns Tidende* var ikkje noko unntak. Me lyt «venda vaart syn framover med voner um at vaart kjære fedraland maa gaa ei god tid imøte».»<sup>117</sup> Republikanarane hadde lagt stor vekt på ikkje å gå til åtak på prins Carl og familien hans personleg, og Kvåle trudde ikkje det fanst den nordmann som ynskte «aa gjera livet surt for det unge fyrstepar som no vil knyta sin livslagnad saman med vaart folk og land».

Vegen frå republikanisme til kongedyrking var i det heile overraskande kort. *Sogns Tidende* slo til med A.O. Vinjes dikt «Kongen kjem» i årets feitaste typar.<sup>118</sup> Men i kongedyrking var det sjølvsgart *Sogningen* som tok kaka. I fleire veker før og etter røystinga hadde avisa lange stykke om kva for ein strålande kar prins Carl var, slekts- og familietilhøve i Oldenborg-dynastiet og målande skildringar frå kongefestar i København og Kristiania som ikkje står noko attende for vår tids kongestoff i media.

Den offisielle festhelga i november då den nye kongefamilien kom til landet, vart ein ny sjanse til å markera den breie nasjonale semja som hadde prega mykje av året, og til å feira avslutninga på sjølvstendestrevet. «I Sogn hev holder ikkje folk vore radt utanum folkeskikken no desse høgtidssame dagarne», skriv *Sogns Tidende*, og er tydeleg glad for det.<sup>119</sup> «Kring alle bygder hev flaggi vore i topp, og um dei enn hev hekke slakke i det tunge veret, so hev folk - i mange bygder - friska upp med skjotning og festing.» Avisa visste iallfall om folkefestar i Lærdal, Aurland, Balestrand og Vik. I Sogndal hadde det vore stort fyrverkeri og barnefest i folkeskulen med 400 frammøtte. Denne gongen var det ikkje folkehøgskule- og ungdomslagsfolk som skipa til, men konene til lensmann Lem, dr. Schøyen, amtsdyrlækjar Mossige, utskiftingsformann Falch og overrettssakførar Darre-Jensen, altså det ein lyt tru har vore dei monarkistiske kjerne-troppane i Sogndal.<sup>120</sup> Norskdomsmiljøet hadde sin eigen fest same sundagen der det vart tala for kongen, fedrelandet og ungdomen, og ungdomshuset var pynta med kongeordet «Alt for Noreg!» (på landsmål).<sup>121</sup>

Det største symbolske punktumet for republikanismen i Sogn stod kanskje *Sogns Tidende* for då avisa i siste utgåva før jol kunngjorde at alle som betalte bladpengane innan 15. januar skulle få ei gave. Dei kunne velja mellom eit festskrift om Sogndal folkehøgskule som var 35 år, eller - «eit fagert bilæte av kongefamilien ... det fagraste som er i handelen. Det er fargetrykk paa sterkt slett karton, og kongen, dronningi og krunprinsen sit under det norske vaapen og er umkransa av det norske flagd.»<sup>122</sup> Avisa kjende nok marknaden sin, og kunne seinare melda at «ein mengde [hev] tinga paa bilætet av kongefamilien»!<sup>123</sup>

## Sogn - ein del av «folkehøgskuleregionen»?

«Merkeleg nok var det dei mest tilårskomne bygdene i det indre Fjord- og Fjell-Noreg som røysta for republikken,» skriv Jostein Nerbøvik og peikar på at republikkprosenten var høg der den frilynde ungdomsrørsla hadde kjerneområda sine.<sup>124</sup>

Både Sogn og fylket låg som alt nemnt på landssnittet i oppslutnad om republikken, så i dei tala er ikkje mykje som indikerer ein republikansk ‘folkehøgskuleregion’. Korleis var så den indre variasjonen i Sogn?

Skilnaden mellom Ytre og Indre Sogn er markant om ein følgjer prostigrensa, og endå tydelegare om ein skil mellom fjordkommunane og dei tre kystkommunane. Så langt høver terrenget med kartet.

På kommunenivå er biletet meir brokut, og variasjonen frå kommune til kommune er meir slåande enn skilnadene mellom ytre og indre delar. Jostedalen inst i Sogn, Leikanger midt i fjorden og valsoknet Lavik med dei tre kommunane Brekke, Lavik og Kykkjebø ytst i Sogn skil seg ut som dei fem sterkeste republikk-kommunane. Aurland i Indre og Vik inst i Ytre Sogn var mellom dei sterkeste kongedøme-kommunane i fylket saman dei tre kystkommunane. Jostedalen låg på fylkestoppen i

## Folkerøystinga 12.-13. november 1905 i Sogn

«Er du samd i Stortingets fullmakt til regjeringa om å oppmoda prins Carl av Danmark om å la seg velja til Noregs konge?»

Valsokn	Deltaking (%)	Godkj. røyster	Ja	Nei	Nei (%)
1. Jostedal	75,1	133	71	62	46,6
2. Luster	74,4	472	352	120	25,4
3. Hafslo	69,2	410	333	77	18,8
4. Årdal	63,9	151	116	35	23,2
5. Lærdal	72,5	417	278	139	33,3
6. Sogndal	85,6	611	463	148	24,2
7. Aurland	76,3	446	408	38	8,5
8. Leikanger	83,7	410	229	181	44,1
9. Balestrand	76,7	372	284	88	23,7
10. Vik	79,5	556	524	32	5,8
11. Lavik	61,2	487	290	197	40,5
12. Gulen	73,8	490	426	64	13,1
13. Solund	79,4	324	311	13	4,0
14. Hyllestad	84,3	429	412	17	4,0
<b>Sum, Sogn</b>	<b>75,4</b>	<b>5708</b>	<b>4497</b>	<b>1211</b>	<b>21,2</b>
Indre Sogn (1-8)	76,3	3050	2250	800	26,2
Ytre Sogn (9-14)	74,6	2658	2247	411	15,5
Fjordbygder (1-11)	74,7	4465	3348	1117	25,0
Kystbygder (12-14)	78,7	1243	1149	94	7,6
Nordre Bergenhus Amt	79,0	14 315	11 507	2808	19,6
Landet	75,3	328 827	259 563	69 264	21,1

Merknad: Kommunane Brekke og Kyrkjebø hørde til valsoknet Lavik, og Borgund hørde til Lærdal.

Kjelde: Kjelda, nr. 3, 2004, s. 49; eigne utrekningar.

republikanisme (47%) saman med Stryn og Hornindal, men grannekommunen Hafslo hadde berre 19% republikanarar, under både regions-, fylkes- og landssnittet.

Dersom republikanisme er ein mælestav, vil det seiia at «folkehøgskuleregionen» Sogn smuldrar bort for oss. Meir held i teorien blir det om me går ut ifrå Nerbøviks ord om at republikanismen stod sterkt der norskdomsrørsla stod sterkt. Ein indikasjon på styrken til norskdomsrørsla er tidspunktet for innføring av landsmålet i skule og kyrkje, og då er det eit påfallande samsvar. Kommunane Kyrkjebø, Lavik og Brekke i Lavik valsokn og Leikanger, var både dei fire kommunane i Sogn som hadde teke i bruk landsmålet i skulen i 1905 og som hadde flest republikanarar. Kyrkjebø, Brekke, Lavik og Fresvik i Leikanger var òg mellom dei ni kyrkjesokna som tok i bruk Blix-salmane før 1905. Berre Jostedalen hadde fleire republikanarar i Sogn, men der hadde òg fire av fem skulekrinsar gått over til landsmål seinast i 1906, sjølv om formelt vedtak ikkje vart gjort før 1908-10.<sup>125</sup>

Dei sentrale aktørane kan òg lett peikast ut i dei aktuelle kommunane. I Leikanger var læraren Olav Sande svært sentral både i målarbeidet og den republikanske agita-

sjonen, og i embetsmannsbygda må det òg ha spela inn at amtmann John Utheim både var positiv til landsmålet og republikanar. Republikanaren, politikaren og målmannen Lasse Trædal var ordførar og bygdehovding i Lavik i 1905, i Brekke var læraren Mons Hjelmå sentral i målarbeidet, og i Kyrkjebø læraren og politikaren Andreas Vamraak. Han var ordførar 1899-1904 og formann i Sogn Ungdomslag, og då Kyrkjebø Mållag vart skipa sist i januar 1905, vart han fyrste formannen. «Det maa merkjast, at av dei 16 mann, som sit i Kyrkjebø heradstyre, er det berre 3, som ikkje er med i laget,» heiter det i referatet.<sup>126</sup>

Sams for kommunane der landsmålet tidleg fekk innpass, er at den venstredominerte norskdomsrørsla tidleg vann eit kulturelt og politisk hegemoni som i Kyrkjebø. Vik kunne òg by på eit sterkt ungdomslags- og målmiljø med ordføraren 1899-1901, læraren Svein Aase i brodden.<sup>127</sup> Men han agiterte for kongedøme; og når norskdomshovdingen og det konservative riksmaals- og offisersmiljøet kring *Sogningen* stod på same side, er det ikkje rart at få gjekk inn for republikk. Riksmaalsrørsla stod òg sterkt i Aurland der republikkprosenten var låg, sjølv om ungdomslaga stod på landsmåls-sida. I Gulen var det få republikanarar (13%), men landsmålet vann tidleg innpass, noko som fyrst og fremst blir forklart med at presten O.K. Ottesen var målmann. I kystkommunane på nordsida, Solund og Hyllestad, gjekk det mykje lengre tid før landsmålet vann fram, og her var òg republikkprosenten langt lågare enn i Gulen (4%, på botn i fylket).

Det sterkeste norskdomsmiljøet og republikanske miljøet i heile Sogn, kring folkehøgskulen og *Sogns Tidende*, greidde ikkje å få fleire enn 23% til å røysta for republikk i Sogndal. Det skulle òg gå mange år frå det fyrste vedtaket om landsmål i skulen vart gjort etter mykje strid i 1908 og til vedtaket vart ståande og gjennomført. Så her hadde venstrefolka store problem med å hamla opp med det sterke konservative miljøet kring godseigarane, embetsmennene, næringsborgarskapet og storbøndene i bygda.

Her er det ikkje rom for å gå nærmare inn på kommunenivå enn desse meir impresjonistiske tolkingane. Men me lyt slå fast at det er vanskeleg å plassera fjordbygdene i Sogn eintydig i ein ‘folkehøgskuleregion’, både når me ser på oppslutnaden om republikk og på oppslutnaden om den mest aktivistiske unionspolitikken. Samstundes har me sterke nok haldepunkt til å slå fast at bandet mellom målsak og republikanismen var sterkt i Sogn i 1905, og at styrken til norskdomsrørsla var avgjerrande for kor mange som røysta for republikk.

## Mellom det nasjonale og det lokale

Som fleire har peika på, kan resultatet frå den fyrste folkerøystinga minna om regime me helst ikkje vil samanlikna oss med, og stemminga kring røystinga var slik at det var bortimot umogleg å røysta eller argumentera for ‘nei’.<sup>128</sup> Me har sett ei rad døme på korleis dette arta seg på grunnplanet i Sogn der avisene, som elles i landet, dreiv ein sterkt einsretta kampanje. Ekspedisjonssjef D. Koren i Forsvarsdepartementet noterte i dagboka si 17. juni at det var mange røyster som heva seg mot 7. juni-vedtaket, og fleire og fleire byrja å kritisera det. «Gud ved, hvor länge enigheden kan bestå. ... Takket være, at regjeringen har pressen på sin side, — så undertykkes enhver mislyd hidtil.»<sup>129</sup> I den grad det fanst kritiske røyster i Sogn, finn me dei ikkje i spaltene til dei to avisene, anna enn som eit problem som blir drøfta og som målgruppe for agitasjonen.

Men får me fram heile biletet om me berre legg vekt på kampanjen ovanfrå, med pressa som lydige reiskapar for statsmaktene? Svaret må heilt klårt vera **nei**. Den kampanjen og folkerøystinga som me har retta eit kritisk blikk mot, hadde brei og entusiastisk oppslutnad i bygdene. Det ser me både i spaltene og gjennom valdeltakinga. Nokre fleire hadde sikkert røysta nei, eller late vera å røysta, om ordskiftet hadde vore opnare og klimaet rolegare, men mange hadde det neppe vore. Tonegjevande lokale aktørar såg det slik at det var deira politiske prosjekt som endeleg sigra etter å ha fått statsmaktene si velsigning, og som no vart alvorleg truga av dei svenske krava og krigsførebuingane. - Det var Venstre og ikkje Høgre som hadde æra for å ha arbeidd fram den konsulatsaka som alle no støtta, fann Jens Kvåle det på sin plass å understreka i mai.<sup>130</sup>

Dagsordenen vart sett av dei sentrale politikarane med Michelsen i brodden, og både pressa og folket stilte seg entusiastisk og til dels ukritisk bak leiarane sine gjennom mykje av året. Men gjennomgangen vår av 1905 i Sogn skulle syna at minst like viktig for å forstå engasjementet var den underliggende drivkrafta - rørslene som hadde pressa fram unionssaka, den nasjonale kulturreisinga og ikkje minst demokratiseringa. Ein kan spørja seg om Regjeringa like mykje var ein reiskap for desse folkelege kreftene som omvendt. Det er òg i dette lyset me må forstå entusiasmen og den tildels svært krasse tonen mot «svikarane» som ein del av dei lokale aktørane brukte. Det var ikkje eit utslag av blind lojalitet mot styresmaktene, som i totalitære regime. Tvert imot var det eit forsvar for eit politisk prosjekt som langt på veg var kjempa gjennom nedanfrå, iallfall om ein med ‘nedanfrå’ meiner politisk medvitne og leiande krinsar i bygdene, og for dei stod det mykje på spel i 1905.

I ein vidare samanheng kastar hendingane i 1905 eit interessant ljós over den kulturelle og politiske moderniseringa av norske bygder. Eit av teikna på moderniteten er at eit ‘førestilt fellesskap’, den nasjonale identiteten, får rot i breie lag av folket og utfordrar den lokale identiteten som den sterkeste.<sup>131</sup> Det er tydeleg både gjennom oppslutnaden om dei to folkerøystingane og 1905-årgangane til dei to sognavisene at den nasjonale identiteten er sterkt og blir opplevd som viktig.

Samstundes har me ein god del døme på at dei to avisene aktivt freista å nedkjempa haldninga om at jamvel ei så viktig sak som unionsspørsmålet var irrelevant; så ein del sogningar må òg ha meint det. Her var det ingen skilnader på dei to avisene. Den konservative riksmålsavisa *Sogningen* stod skulder ved skulder med norskdoms- og venstrebladet *Sogns Tidende* i det grunnleggjande synet på at nasjonen var *den viktige* fellesskapen og ikkje måtte brytast opp av politisk apati og bygde- og regionsjåvinisme.

Slik står både avisene - og miljøa ikring dei - fram som moderniseringsagentar i Bygde-Noreg. Eg har ikkje funne haldepunkt for at *Sogns Tidende* i større grad enn *Sogningen* stod for ein forsvarssideologi for tradisjonelle bygdeverdiar. Tvert om var det *Sogningen* som målbar bygdekonservatismen medan *Sogns Tidende* meir stod fram som kulturelt avantgardistisk og jamvel argumenterte for at sognabygdene skulle ta i bruk eit nytt skriftspråk (landsmålet). Slik representerte dei to avisene kvar sin nasjonalisme og kvart sitt nasjonsbyggingsprosjekt, to straumar som flaut saman nokre månader i 1905, men deretter flaut frå kvarandre att. Dei grunnleggjande motsetnadene i norsk nasjonalisme i Sogn vart ikkje borte med 1905 - truleg vart dei heller styrkte. Berre nokre veker etter 7. juni-vedtaket tala lærarar, kyrkjesongar,

fylkespolitikar og tidlegare stortingsmann Anfinn Refsdal frå Vik til dei mange tusen som var møtt fram på ungdomsstemna i heimbygda hans. Han avslutta tala si med å oppmoda alle «til aa vera heilt norske. Som Sverike hadde mist si magt yver landet, so maatte me no heller ikkje vera danske i vaart maal. I eit fritt Noreg høver ikkje det danske Maalet.»<sup>132</sup> Oppglødd av hendingane i 1905 intensiverte norskdomsrørsla arbeidet sitt, og dei neste åra nådde målstriden i Sogn eit høgdepunkt.

- 24 Furre, Berge: *Soga om Lars Oftedal*, Det Norske Samlaget, Oslo, 1990: 865.
- 25 Tvinnereim, Jon: *Grotid i grenseland. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. 1835-1920*. Det Norske Samlaget, Oslo, 1992: 358.
- 26 Sivertsen, Erling: Norske pressefotos. En kort historikk. Institutt for Journalistikk, 1995.
- 27 Nerbøvik, Jostein: *Løyndom og royndom. To fotografer i Volda 1898-1979*. Volda-soga 1800-1945. Volda kommune, Volda 2001: 60-62
- 28 Dahl, Hans-Fredrik og Henrik G. Bastiansen: *Ytringsfrihetskommisjonen. Ytringsfriheten i Norge i det 20. århundre*. Særskilt vedlegg nr. 1 til NOU 1999: 7 s. 18-21.
- 29 Det Statistiske Centralbyraa, 1911: 26.
- 30 Det Statistiske Centralbyraa, 1911: 15.
- 31 Høeg, Tom Arbo: Norske aviser 1763-1969. En bibliografi. Universitetsbibliotekets hustrykkeri, Oslo, 1974., s: 75.
- 32 Tvinnereim, 1992: 38.
- 33 Rossland, Lars Arve: Presseskikkens samtale. Samtaleposisjonar for Norsk Presseforbund sitt faglege utval 1930-1972. Fagbokforlaget, Bergen, 1999: 11.
- 34 Rossland, 1999: 302.
- 35 Jfr. Bull, Edvard Hagerup: Statsråd Edvard Hagerup Bulls dagbøker fra 1905, Gyldendal , Oslo, 1955.
- 36 Kildal, Arne: Presse- og litteraturfronten. Under okkupasjonen 1940-1945 Aschehoug, Oslo 1945: 17-18.
- 37 Kildal, 1945: 18.
- 38 Om bruk av aviser som historisk kjelde sjå H. Tjelmeland i fleire arbeid: *Om å skriva avis Nordlys' historie, i Agitasjon og opplysing*. Pressehistoriske skrifter nr. 2 2004: 107. Og: *Aviser som produsent og produkt av fellesskap - eksemplet Nord-Norge*. Arbeiderhistorie, 2003: 157.
- 39 Fulsås, Narve: *Havet, døden og været. Kulturell modernisering i Kyst-Noreg 1850-1950*. Det Norske Samlaget, 2003: 100-102.
- 40 Nerbøvik, 2001: 60
- 41 Hoyer, Svenskik: kap. 8.
- 42 Dahl m. fl. 1999: 20.
- 43 Kun valet i 1945 har større prosentvis oppslutnad. Samanlikninga er problematisk i og med at vallovene er ulike og det prosentvise talet på røysteføre i befolkninga er ulikt.

## Oddmund Løkensgard Hoel: 1905 i Sogn

### Kjelder

*Sogningen*, Vik, 1.1.1905-16.2.1906; spreidde nr. 1897, 1899 og 1900.

*Sogns Tidende*, Sogndal, 1.1.1905-20.1.1906; spreidde nr. 1903.

Ein stor takk til Hermund Kleppa, Jens Johan Hyvik, Harald Jarl Runde, Margit Bergstrøm, Terje Eggum, Arne Inge Sæbø, Aasta Kvaale og Dagny Kvåle for merknader og hjelp med kjeldeopplysningar.

### Notar

- Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu, "Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale", i: *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale*, KULTs skriftserie nr. 92, Oslo 1997, s. 10.
- Roald Berg, *Norsk forvarshistorie. Bind 2. Profesjon, union, nasjon. 1814-1905*, Oslo 2001, s. 284.
- Gabriel Øldne, "Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet", *Syn og Segn*, 1957, s. 97-114; Stein Rokkan, "Geografi, religion og samfunnsklasser: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk", i: *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*, Oslo 1987 [1967], s. 111-205.
- Kommuneinndelinga som galdt i 1905, ligg til grunn for artikkelen. Lærdal og Borgund vart i 1964 slegne saman til Lærdal kommune, Jostedal, Hafslo og Luster til Luster kommune, Lavik og Kyrkjebø til Høyanger kommune, og Gulen og Brekke til Gulen kommune. Brekke var såleis å rekna som ein 'fjordkommune'. For eit detaljert oversyn over valsokn, røystestader og administrativ struktur i fylket i 1905 og seinare kommunesamanslåingar og viktige grenseendringar, sjå Hermund Kleppa, "Valsokn og røystestader", *Kjelda*, nr. 3, 2004, s. 43-45.
- Knapt noko er skrive om dei to avisene, og særleg ikkje Sogingen, så omtala står seg til nokre biografiske omtaler av redaktørane og spreidde opplysningar i avisene. Eit nytt arbeid som òg dreg nokre liner bakover, er Terje Eggum, "Avisene i Sogn frå 1919 til 1940", *Årbok for Sogn*, 2004, s. 62-73.
- Eg veit ikkje om dei kom ut - dei var ikkje på mikrofilmane.
- Dette mediehistoriske poenget er understrekka i Narve Fulsås, "Kva er gale med det historiske kjeldeomgrepet? Ein kritikk av kjeldekritikken", *Historisk tidsskrift*, nr. 2, 2001, s. 231-246.
- Kvåle hadde kjøpt bladet *Vestmannen. Organ for den norske ungdom* som hadde teke til å koma ut i Sogndal same året (Anton Aure, *Nynorsk boklista*, Bd. 2, Oslo 1921, s. 215 og 219).
- Frå og med nr. 17, 1927, var tittelen *Sogns Tidend*.
- Anton Aure og Hans Aarnes, *Norsk Bladmannahag gjennom 10 aar - 1913-1923. Dei norske blad i gjennom 65 aar 1858-1923. Biografiar av norske bladmenn*, Bjørgvin 1923, s. 64; gjenteke i Per Håland, "Den nynorske pressa", i: *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981*, Oslo 1981, s. 424.
- Aslak Torjussen i Kjell Bondevik, *Sogndal folkehøgskule i 100 år - 1871-1971*, Sogndal 1971, s. 26-34; Kjell

- Haugland, *Striden om skulespråket. Fra 1860-åra til 1902*. Oslo 1985, s. 23f; Sigurd Fjøsne i Jon Målsnes (red.), *Sogn Ungdomslag 50 år*, Leikanger 1947, s. 8.
- 12 Bondevik, s. 62; Anders A. Lothe, *Målreisingssgoa i Sogn og Fjordane*, Stryn 1950, s. 589f.
- 13 *Sogns Tidende*, 8.4.1903 (utheving av ST).
- 14 Hovudkjelda om Thorsen er ei omtale i *Sogningen*, 7.12.1927, òg prenta i *Pridlao* nr. 3, 1998. Om avisas *Nordfjord*, sjå Per Sandal, "Avisa Nordfjord 100 år", *Årbok for Nordfjord*, 1996, s. 155-162.
- 15 *Sogningen*, 7.4.1897.
- 16 Berg, *Norsk forsvarshistorie*, s. 223.
- 17 Kjell Bergfjord og Arne Inge Sæbø, "Målsoge for Vik", *Årbok utg. av Vik historielag*, 1997, s. 9 og 13; Jon Nese, 1998, "For fridom og framsteg". Med *Vik ungdomslag i 100 år - 1898-1998*, Vik 1998, s. 17-40; Martin Åfelt i Målsnes (red.), *Sogn Ungdomslag 50 år*, s. 78
- 18 *Sogningen*, 11.8.1905.
- 19 *Sogns Tidende*, 24.2.1905.
- 20 *Den 17de Mai*, 28.1.1905 (opplysning frå Margit Bergstrøm).
- 21 Siterte i *Sogns Tidende*, 14.2.1905, og *Sogningen*, 15.2.1905.
- 22 *Den 17de Mai*, 10.1.1905. Jusprofessor og norskdomshovding Nikolaus Gjelsvik gjekk i avis inn for å fylgia lovlina, men fekk ikkje gjennomslag hjå den meir aktivistiske redaksjonen (Ole Dalhaug, *Den 17de Mai. Rasmus Steinsvik 1863-1913*, 1998, s. 132).
- 23 *Sogns Tidende*, 27.1.1905.
- 24 *Sogningen*, 18.1.1905.
- 25 *Sogningen*, 8.2.1905.
- 26 *Sogningen*, 15.2.1905.
- 27 Helge Danielsen, "Rakrygget og selvtillidsfuldt Fædrelandssind" Om holdninger til det nasjonale i Aftenpostens redaksjonsmiljø i siste del av unionstiden, KULTs skriftserie nr 77, Oslo 1997, s. 146.
- 28 Det avgjerande møtet i samlingsgruppa (Moderate Venstre og Høgre) var 14. februar (Alf Kaartvedt, *Høyres historie 1. Drømmen om borgerlig samling. 1884-1918*, Oslo 1984, s. 206).
- 29 Kaartvedt, s. 209.
- 30 *Sogns Tidende*, 1.3.1905.
- 31 Kaartvedt, s. 207.
- 32 *Sogningen*, 15.3.1905.
- 33 *Sogns Tidende*, 17.2.1905.
- 34 *Sogns Tidende*, 20.6.1905.
- 35 *Sogningen*, 1955, her etter *Pridlao*, nr. 2, 1999, s. 62.
- 36 Harald Jarl Runde, "De spreide Distrikters gjensidige forbindelse. Turistferdsel og utbygging av telefonnettet vestafjells", *Vestnorsk Reiseliv*, nr. 2, 1997, s. 10.
- 37 Harald Jarl Runde, "Telestasjonar i Sogn og Fjordane (utklipp 1858-1905)", notat 10.2.2005, velvillig oppsett på førespurnad; munnlege opplysningar frå Runde februar 2005.
- 38 *Sogns Tidende*, 16.6.1905.
- 39 *Sogningen*, 30.6.1905.
- 40 *Sogns Tidende*, 27.6.1905.
- 41 Refsdal var 1. varamann frå Nordre Bergenhus Armt og møtte på Stortinget i mai-juni 1905 (Tallak Lindstøl, *Stortinget og statsrådet 1814-1914. Bd. 1. Biografier*, Kristiania 1914).
- 42 *Sogns Tidende*, 23.5.1905.
- 43 *Sogningen*, 2.6.1905.
- 44 *Sogns Tidende*, 23.5.1905.
- 45 *Sogns Tidende*, 16.6.1905.
- 46 *Sogningen*, 30.6.1905.
- 47 Brev frå E. Lijedahl til A. Vamraak, opplyst av Hermund Kleppa februar 2005.
- 48 *Sogningen*, 4.8.1905.
- 49 *Sogns Tidende*, 28.7.1905.
- 50 *Sogningen*, 4.8.1905.
- 51 *Sogningen*, 11.8.1905. Ekstranummeret er ikkje på avisfilmen.
- 52 *Sogns Tidende*, 1. og 4.8.1905.
- 53 *Sogns Tidende*, 8.8.1905.
- 54 *Sogns Tidende*, 4.8.1905.
- 55 *Sogns Tidende*, 8.8.1905.
- 56 *Sogningen*, 11.8.1905.
- 57 *Sogns Tidende*, 8. og 9.8.1905.
- 58 *Sogningen*, 25.8.1905.
- 59 *Sogningen*, 18.8.1905.
- 60 *Sogningen*, 11.8.1905.
- 61 Oversyn over røystestader i fylket finn ein i Hermund Kleppa, "Valsokn og røystestader", *Kjelda*, nr. 3, 2004, s. 43-45.
- 62 *Sogns Tidende*, 15.8.1905.
- 63 *Sogningen*, 18.8.1905.
- 64 *Sogns Tidende*, 18.8.1905.
- 65 *Sogningen*, 2.12.1905.
- 66 *Sogns Tidende*, 15. og 18.8.1905.
- 67 *Sogningen*, 18.8.1905.
- 68 *Sogns Tidende*, 18. og 29.8.1905.
- 69 *Sogningen*, 11.8.1905.
- 70 Her etter *Kjelda*, nr. 3, 2004, s. 52.

- 71 *Sogns Tidende*, 9.8.1905.  
 72 *Sogningen*, 18.8.1905.  
 73 Kjelda, s. 53.  
 74 Utskrift av valprotokollen for Lavik valsokn, folkerøystinga 13. august 1905, Statsarkivet i Bergen, her etter avskrift gjort av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.  
 75 Kjerstin Risnes, "Kvinneunderskriftsaksjonen i Sogn og Fjordane", *Kjelda*, nr. 3, 2004, s. 53-55. Mykje av mi framstilling byggjer på denne artikkelen.  
 76 *Sogns Tidende* og *Sogningen*, 25.8.1905.  
 77 *Sogningen*, 1.9.1905.  
 78 *Sogningen*, 22.9.1905.  
 79 *Sogningen*, 29.9.1905, som siterer W.S. i Landsbladet.  
 80 *Sogningen*, 6.10.1905.  
 81 *Sogningen*, 11.10.1905.  
 82 *Sogns Tidende*, 22.8.1905.  
 83 *Sogns Tidende*, 25.8.1905.  
 84 *Sogns Tidende*, 29.8.1905.  
 85 *Sogns Tidende*, 5.9.1905.  
 86 *Sogns Tidende*, 19.9.1905.  
 87 *Sogns Tidende*, 29.9.1905. Heile traktatteksten er prenta i dette og det neste nummeret, saman med ei rad kommentarar frå andre avisar.  
 88 *Sogns Tidende*, 3.10.1905.  
 89 *Sogns Tidende*, 3.10.1905, av H.M.R.  
 90 *Sogns Tidende*, 6.10.1905.  
 91 *Sogns Tidende*, 10.10.1905. Fråsegna er rett nok ikkje koren med i Stortingsforhandlingane, Dok. 1 (1905/1906) som oppsummerer alle fråsegner til Stortinget om framtidig statsform (prenta J.V. Heiberg, *Unionens opløsning 1905*, Kristiania 1906, s. 672ff). Dette indikerer vel at det kom inn fleire fråsegner, også frå Sogn og Fjordane, enn dei offisielle stortingsdokumenta fekk med seg i 1905.  
 92 *Den 17de Mai*, 3.10.1905 (Kr. Bærum, Luster, og R., Lærdal) og 5.10.1905 (Olav Sande, Leikanger).  
 93 *Sogningen*, 11.10.1905.  
 94 *Sogningen*, 25.10.1905.  
 95 *Sogns Tidende*, 10.10.1905.  
 96 Vilhelm Flugheim i 60-årsomtala av *Sogns Tidende* i 1938, her etter straubrev frå Hermund Kleppa februar 2005.  
 97 *Sogns Tidende*, 20.6.1905.  
 98 *Sogns Tidende*, 29.9.1905.  
 99 *Sogningen*, 11. og 20.10.1905.  
 100 *Sogningen*, 25.10.1905, "Kristianiabrev" av J.W.F.  
 101 *Sogningen*, 20.10.1905.  
 102 *Sogningen*, 8.11.1905.  
 103 *Sogningen*, 3.11.1905.  
 104 *Sogningen*, 11.10.1905.  
 105 *Sogns Tidende*, 10.11.1905, av Lasse Trædal.  
 106 *Sogningen*, 8.12.1905.  
 107 Td. *Sogns Tidende*, 7.11.1905, der ein republikansk song av Jaabæk er prenta.  
 108 *Sogningen*, 25.10.1905.  
 109 *Sogningen*, 8.11.1905.  
 110 *Sogns Tidende*, 3.10.1905.  
 111 *Sogns Tidende*, 10.11.1905.  
 112 *Sogns Tidende*, 7.11.1905.  
 113 *Sogns Tidende*, 10.11.1905.  
 114 *Sogningen*, 8.11.1905.  
 115 *Sogns Tidende*, 7.11.1905.  
 116 *Sogns Tidende*, 17.11.1905.  
 117 *Sogns Tidende*, 17.11.1905.  
 118 *Sogns Tidende*, 5.12.1905.  
 119 *Sogns Tidende*, 28.11.1905.  
 120 *Sogns Tidende*, 1.12.1905. Lem stod bak det einaste lokale lesarbrevet for kongedøme eg har merka meg i *Sogningen* (8.11.1905).  
 121 *Sogns Tidende*, 5.12.1905.  
 122 *Sogns Tidende*, 21.12.1905.  
 123 *Sogns Tidende*, 19.1.1906.  
 124 Jostein Nerbøvik, *Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*, Oslo 1999, s. 213f, jf. kart over oppslutnaden om republikk på s. 207.  
 125 Opplysningsane om målreisinga i Sogn er henta frå Lothe, *Målreisingssoga i Sogn og Fjordane* der anna ikkje er nemnt.  
 126 *Sogningen*, 1.3.1905. Om Vamraak, sjå Lothe, s. 567ff.  
 127 Om Aase, sjå Lothe, s. 557ff; om Aase i 1905, Kjell Bergfjord, "Maatte det no lukkast aa føra Norigs sak fram til full siger!", *Pridlao*, nr. 1, 1991, s. 57f.  
 128 Td. Øystein Sørensen, *Kampen om Norges sjel, 1770-1905. Norsk idehistorie, bind III*, Oslo 2001, s. 409.  
 129 Her etter Vegard Sletten, Christopher Bruun. *Einsleg stridsmann*, Oslo 1986, s. 423.  
 130 *Sogns Tidende*, 9.5.1905.  
 131 Jf. Benedict Anderson, *Forestille fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*, Oslo 1996.  
 132 *Sogns Tidende*, 30.6.1905.